Matrikkelbrev over 10 sider	350	350	0	0%	Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga.

Timepris for arbeid etter Matrikkellova

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Kontorarbeid (for og etterarbeid)	1 198	1 198	0	0%	For alt arbeid som ikkje kan reknast etter dei faste satsane over, reknast ein timepris på (skal ikkje leggst til MVA)
Markarbeid	1 581	1 198	-383	-24%	For alt arbeid som ikkje kan reknast etter dei faste satsane over, reknast ein timepris på (skal ikkje leggst til MVA)

Plan, bygge - og delesakshandsaming

Generelle bestemmingar

1. Gebyrkrav vert sendt til tiltakshavar eller rekvirent der ikkje anna er avtalt. Dette må opplysast i søknaden.
2. Sakshandsamingsgebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.
3. Det vert ikkje gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest på søknadsplichtige tiltak før sakshandsamingsgebyr er betalt.
4. Kommunen kan i visse høve krevje at sakshandsamingsgebyret skal vere betalt før søknad vert handsama.
5. Det skal ikkje betalast gebyr for handsaming av klagesaker.
6. Dersom eit gebyr er openbart urimeleg kan kommunedirektøren eller den som har fått fullmakt fastsetje eit høveleg gebyr.
7. Klage på fastsetting av gebyr medfører ikkje lengre betalingsfrist.
8. Evt. klage på gebyr sendast skriftleg til Valle kommune der det vert handsama i plan- og miljøutvalet. Fylkesmannen er endeleg klageinstans.
9. Ved handsaming av nytt løyve der tidlegare løyve har gått ut må det betalast fullt gebyr.
10. Gebyr vert reikna ut i frå regulativet som gjeld den datoen kommunen har motteke ein komplett søknad.
11. Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.
12. Gebyr skal være betalt innan 20 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarenter i samsvar med morarenteloven frå forfallsdato.
13. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for mykje betalt gebyr.
14. *Forelda godkjenning, ikkje igangsett arbeid. Er eit løyve utgått etter plan- og bygningsloven § 21-9 betales fullt gebyr ved eventuell ny handsaming av same søknad. Bestemminga gjeld tilsvarande for dispensasjon.*

Kva for eit regulativ skal nyttast?

Gebyret skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok i mot ei tilfredsstillande melding, søknad eller rekvisisjon.

Betalingstidspunkt

1. For søknader kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til.
2. Saker som skal betalast etter brukte timeverk og utlegg til sakkunnig hjelp, vert det kravt førehandsbetaling i samsvar med gjeve overslag. Ved fullført handsaming vert endeleg gebyr fakturert eller refundert.
3. For saker som handsamast i to eller fleire trinn skal gebyret være betalt før det vert gjeve igangsettingsløyve eller det vert treft nye vedtak i saken, herunder bruksløyve, ferdigattest eller driftsløyve.
4. Nye søknader for same eigendom vert ikkje handsama dersom gebyr i tidlegare sak ikkje er betalt.
5. Gebyr for planar skal fakturerast ved 1. gongs handsaming. Grunnlag for faktura er planforslag som vert teke opp til 1. gongs handsaming.

6. Kommunen kan også for andre arbeid krevje at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til.

Fritak for gebyr/reduisert gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningslinjer heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

Klage

Statsforvaltaren er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter delings- og seksjoneringslova.

Det skal ikkje betalast gebyr for handsaming av klagesak.

Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføre i tida heilt fram til avbrot.

Endring av regulativet eller gebyrsatsane

- Regulativet skal rullere kvart 4 år fortrinnsvis midt i ein valperiode. Ved sentrale endringar eller overordna lovendringar må kommunen revidere gebyrregulativet i tråd med desse.
- Gebyra skal vere til sjølvkost.
- Gebyrsatsane kan kvart år regulerast etter SSB sin indeks for byggekostnader.

Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna. Det gjeld også for ulike kommunale instansar.

Gebyr etter plan - og bygningslova § 33-1

1. Kommunestyret sjølv kan gi forskrift om gebyr til kommunen for handsaming av søknad om løyve, utarbeiding av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påkviler kommunen å utføre, herunder handsaming av private planforslag. Gebyret skal ikkje overstige kommunens naudsynte kostnader på sektoren. I gebyret kan det inkluderas utgifter til naudsynt bruk av sakkyndig bistand under tilsyn. Andel av gebyr som vert kravt inn for tilsyn skal gå fram av regulativet. Tiltakshavar kan sjølv sørgje for nødvendige utredningar.
2. Eigar skal betale gebyr for kostnadane for handsaming av søknad om driftsløyve og for driftskontroll til rette mynde. Gebyr for driftskontroll kan heilt etter delvis dekkas av årsavgifta.

Kartgebyr og egedomsoppgåver

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Kart til plan- og prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid. For analog kopi på målrett transparent material og papirkopi eller utplott av kart: format A0	157	157	0	0%	
Kart til plan- og prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid. For analog kopi på målrett transparent material og papirkopi eller utplott av kart: Format A1	119	119	0	0%	
Kart til plan- og prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid. For analog kopi på målrett transparent material og papirkopi eller utplott av kart: Format A2	79	79	0	0%	
Kart til plan- og prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid. For analog kopi på målrett transparent material og papirkopi eller utplott av kart: Format A3	40	40	0	0%	Kart i samband med bygge- og delingssøknad er gratis i A4 og A3 format.
Kart til plan- og prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid. For analog kopi på målrett transparent material og papirkopi eller utplott av kart: Format A4	22	22	0	0%	Kart i samband med bygge- og delingssøknad er gratis i A4 og A3 format.

Private regulerings- og utbyggingsplanar

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Andre reguleringsplanar	53 058	53 058	0	0%	+ tillegg per 1000 m2: Kr. 530
Detaljregulering – 11-50 einingar	53 037	53 037	0	0%	+ tillegg for kvar eining: Kr. 1061
Detaljregulering – inntil 10 einingar	21 214	21 214	0	0%	+ tillegg for kvar eining: Kr. 1061
Detaljregulering – over 50 einingar	116 682	116 682	0	0%	+ tillegg for kvar eining: Kr. 795
Fornyng detaljregulering	7 956	7 956	0	0%	Her trengs berre eit saksframlegg på fornyng
Gjeld alle planar					Alle planar skal seinast før 1. Gongs handsaming leverast på digitalt format (Sosi) og vere utarbeidd etter Komunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar. Dersom kommunen har ledige ressursar
I særlege tilfelle kan gebyr reknast etter brukt tid, timepris	1 213	1 213	0	0%	
Mindre endring av detaljregulering	10 608	10 608	0	0%	I saksframlegget vert det teke stilling til om det er mindre eller vesentleg endring av detaljplan.
Oppstartsmøte	10 608	10 608	0	0%	Gebyr for oppstartsmøte godskrivast ved fastsetjing av gebyr for plansakshandsaming dersom planforslaget sendast til kommunen innan eit år etter at oppstartsmøte vart halde
Vesentlig endring av detaljregulering	26 519	26 519	0	0%	I saksframlegget vert det teke stilling til om det er mindre eller vesentleg endring av detaljplan.

Andre reguleringsplanar

Arealrekneskap skal fylgje som del av planforslaget. Fylgjande arealformål får ikkje arealgebyr: • Eksisterande bebyggelse medrekna idrettsanlegg som er offentleg tilgjengeleg og grav- og urnelundar, i område for bebyggelse og anlegg, når det ikkje leggst til rette for høgare utnytting. • Offentleg vegareal • Grønstruktur • Landbruks- natur og friluftsføremål

Detaljregulering: inntil 10 einingar, 11-50 einingar, over 50 einingar

Ei eining er fritidsbustadtomt, bustadtomt, næringstomter. Eks. dobbelthytte, dobbeltbustad vert rekna som to einingar. Det skal betalast tillegg for ei eining.

Konsekvensutgreiing

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Gebyr for kvar utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta) Gebyr for medgått tid kan òg avtalast på førehand jf. timepris	1 213	1 213	0	0%	

Dispensasjonar (I tillegg kjem byggesaksgebyr)

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Handsaming av dispensasjonssaker jf. pbl § 19 for frådelte eller bebygde tomter og støylsbuer.	5 304	5 304	0	0%	
Handsaming av dispensasjonssaker jf. pbl § 19, dispensasjon frå andre forhold lov/forskrift/avstandskrav	5 304	5 304	0	0%	
Handsaming av dispensasjonssaker jf. pbl § 19, dispensasjon frå plankrav/plan/føremål	10 608	10 608	0	0%	
Handsaming av dispensasjonssaker jf. pbl § 19, dispensasjon frå utnyttingsgrad for mindre tiltak i bustadområde	2 500	2 500	0	0%	
Reduksjon for dispensasjonsforhold for tiltak som handsamas etter PBL § 20-4 eller unntakas etter § 20-5	50 %	50 %			

Delingssøknad etter plan- og bygningslova

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Frådeling av byggetomt i samsvar med plan, men grenser ikkje er vist i plankart	5 000	5 000	0	0%	
Frådeling av byggetomt i samsvar med tomteinndeling i plan, dei fyrste 5 tomter.	2 500	2 500	0	0%	
Frådeling av byggetomt i samsvar med tomteinndeling i plan, frå og med 5 tomter per tomt	1 250	1 250	0	0%	
Frådeling av byggetomt i strid med plan, dispensasjonsgebyr kjem i tillegg	7 000	7 000	0	0%	
Frådeling av tilleggsareal (evt. med vilkår om samanføyning)	2 500	2 500	0	0%	

Delingssøknad etter Jordlova § 12

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Handsamingsgebyr etter jordlova, jf. forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m. § 2	2 000	2 000	0	0%	Ukurante saker: Politiske saker
Handsamingsgebyr etter jordlova, jf. forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m. § 2.	1 000	1 000	0	0%	Kurante saker: Delegerte saker – t.d. tilleggsareal til bebygd tomt

Byggesaksgebyr

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
eByggesøk					Gebyr for bruk av eByggesøk godskrivast ved fastsetjing av gebyr for byggesakshandsaming, i tillegg vert byggesaksgebyr redusert med 10% ved bruk av denne løysinga.

Tiltak krev løyve og som tiltakshavar kan stå for, pbl § 20-4

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Alminnelege driftsbygningar i landbruket <150 m2 (SAK10 § -2)	2 500	2 500	0	0%	
Alminnelege driftsbygningar i landbruket >150 m2 (SAK10 § -2)	5 000	5 000	0	0%	
Andre mindre tiltak som etter kommunen skjønner kan forestå av tiltakshavar	2 500	2 500	0	0%	
Bruksendring for mindre del av bustad, tilleggsdel til hovuddel o.l. (SAK10 §-1 c)	2 500	2 500	0	0%	
Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg max 2 år	5 000	5 000	0	0%	
Mindre tiltak på bygd eigedom, (SAK10 § 3-1 a) eller b) tilbygg eller frittliggjande	2 500	2 500	0	0%	
Søknad om endring av løyve som nemnt over (omfattande endringar handsamas som ny søknad)	1 250	1 250	0	0%	

Tiltak som krev søknad og løyve – PBL § 20-3

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Bygg med ei bu-eining	10 000	10 000	0	0%	
Mindre påbygg, kvister, auke BYA/BRA inntil 15 m2	2 500	2 500	0	0%	
Til- og påbygg/ombygging anna	5 000	5 000	0	0%	
Til- og påbygg/ombygging bustad, per nye bu-eining	5 000	5 000	0	0%	
Tillegg per bu-eining (fom bu-eining nr. 2-til og med 5)	5 000	5 000	0	0%	

Andre tiltak på bustadeigedom/fritidseigedom

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Fasadeendring	2 500	2 500	0	0%	
Murer, levegger, pipe, rehabilitering av pipe	2 500	2 500	0	0%	
Større garasjer, annekst etc. (ansvarsbelagte)	5 000	5 000	0	0%	

Alle andre bygg, til- og påbygg nærings- og industribygg, i tillegg kjem arealgebyr per BRA per tomt.

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
BRA 0 – 50 m2	884	884	0	0%	
BRA 101 – 200 m2	2 867	2 867	0	0%	
BRA 201 – 400 m2	3 389	3 389	0	0%	
BRA 401 m2 – 600 m2	3 979	3 979	0	0%	
BRA 51 – 100 m2	1 621	1 621	0	0%	
BRA over 600 m2	Kr. 5 pr. m2	Kr. 5 pr. m2			

Diverse tiltak/søknadar/handsamingar

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring		Merknad
			i kr	i %	
Bruksendre med nye bu-einingar, gebyr per ny bu-eining	5 000	5 000	0	0%	
Bruksendre mindre del av bustad, tilleggsdel til hovuddel o.l	5 000	5 000	0	0%	
Bruksendring av større bygg/næringsbygg	10 000	10 000	0	0%	
Bruksendring frå fritidsbustad til bustad – eller omvendt, i regulerte byggeområder	5 000	5 000	0	0%	Dispensaasjonsgebyr kjem i tillegg
Bygningstekniske installasjonar og VA-anlegg	5 000	5 000	0	0%	
Godkjenning av igangsettingsløyve per handsaming fom nr. 2	500	500	0	0%	
Godkjenning av sjølvbyggjar	1 600	1 600	0	0%	
Mellombels bruksløyve	2 500	2 500	0	0%	
Riving, gebyr per bygning <500 m2 (riving av mindre bygg bereknas etter pbl 20-4)	2 500	2 500	0	0%	
Skilt/reklame	2 500	2 500	0	0%	
Søknad om endring av løyve (omfattande endringar handsamas som ny søknad)	5 000	5 000	0	0%	
Trafikk-/samferdselsanlegg, veg, parkeringsplass etc.	5 000	5 000	0	0%	
Vesentlege terrenginngrep inkl. evt. mur	5 000	5 000	0	0%	

Bruksendring frå fritidsbustad til bustad – eller omvendt, i regulerte byggeområder

Nytt gebyr vedtatt oktober 2022

Ulovligheitsoppfølging, retting m.m

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring	Endring	Merknad
			i kr	i %	
I tillegg til gebyrregulativet kjem gebyr etter PBL kap 32 og SAK kap 16					
Ulovligheitsoppfølging, retting mv faktureras etter gjeldande timesatser jf. gebyrregulativet					

Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (§ 9)

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring	Endring	Merknad
			i kr	i %	
Gebyr for kvar utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta) Gebyr for medgått tid kan òg avtalast på førehand jf. timepris	1 213	1 213	0	0%	

Gebyr for handsaming av konsesjonssaker

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring	Endring	Merknad
			i kr	i %	
Handsamingsgebyr etter konsesjonslova, jf. forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m § 2	5 000	5 000	0	0%	

Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg.

Gebyr	Sats 2022	Sats 2023	Endring	Endring	Merknad
			i kr	i %	
Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	7 163	7 163	0	0%	
Anlegg der utsleppet er kalkulert til <15 PE	3 500	3 500	0	0%	
Anlegg der utsleppet er kalkulert til over 100 PE	10 744	10 744	0	0%	
Der ein søknad gjeld fleire avlaup av same storleik på same eigedom, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2. Det kan krevjast refusjon for utlegg til fagkunnig hjelp					
Søknad for fleire avlaup av ulik storleik på same eigedom, krev ein fullt gebyr for avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassa per avlaup som tilkjem					

Investeringar i økonomiplanen

I økonomiplanperioden for 2023-2026 vert investeringar vedteken for økonomiplanperioden 2022-2025 vidareførte med justeringar i høve beløp og tidsplan for gjennomføring. I tillegg er der kome til forslag til nye investeringar med bakgrunn i politiske vedtak eller som forslag frå administrasjonen.

Investeringsstabell for kommunen samla

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter Økonomiavdelinga	Økonomiplan				Sum 2023-26
	2023	2024	2025	2026	
Hovudprosjekt manglar for prosjekt - 232	600	600	600	600	2 400
Sum Økonomiavdelinga	600	600	600	600	2 400
Teknisk					
Brannvarsling- Helsehuset	125	325	0	0	450
Felles søppelbu m/pappresse; Helsehus, Kommunehus, Sæbyggjen, Joker	500	0	0	0	500
Lift	0	300	0	0	300
Nye bad - Hybelbygg	0	0	1 250	0	1 250
Oppgradering, Hylestad barnehage	2 000	0	0	0	2 000
Oppgradering, Laugarhalli	4 000	0	0	0	4 000
Oppgradering, Valle helsehus	0	1 500	0	0	1 500
Parkeringsplass - Kvisletoppen	400	0	0	0	400
Vassleidning til Espetveit	0	500	0	0	500
Vegljos - ombygging til målte anlegg	300	300	0	0	600
Sum Teknisk	7 325	2 925	1 250	0	11 500
Sum	7 925	3 525	1 850	600	13 900

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2023-26
	2023	2024	2025	2026	
Teknisk					
Arbeidsbil - teknisk	300	450	0	0	750
Brannvarslingsanlegg, SFO- Gamle internat	300	0	0	0	300
Buss til Pleie og omsorg	0	1 300	0	0	1 300
Bygdeheimen - ombygging/nye vindu mellombygg	250	0	0	0	250
Dagsturhytta	300	0	0	0	300
Flishoggar	0	200	0	0	200
Gravemaskin	0	400	0	0	400
Kloakkanlegg Nomeland	4 000	0	0	0	4 000
Ny bru til Straume	0	0	6 500	0	6 500
Ny leilegheit Valle internat	0	125	1 500	0	1 625
Nye ovnar til kjøkken på Bygdeheimen	300	0	0	0	300
Nytt kjøkken Bygdeheimen, gruppe 3	200	0	0	0	200

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2023	2024	2025	2026	2023-26
Oppgradere Storstoga - Valle samfunnshus	35 000	35 000	0	0	70 000
Søppelbu Furustøyl	800	0	400	0	1 200
Traktorhengar	150	0	0	0	150
Utskifting av vindauge - Valle skule	5 000	0	0	0	5 000
Valle sentrum	1 000	0	0	0	1 000
Varmepumper omsorgsbustadar	0	0	0	650	650
Vassleidning til Straume	1 850	0	0	0	1 850
Vatningsanlegg kyrkjegard	0	0	0	1 000	1 000
Vegljos bustadfelt Åsan, Homme, Leite, Brokke	300	300	0	0	600
Sum Teknisk	49 750	37 775	8 400	1 650	97 575
Sum	49 750	37 775	8 400	1 650	97 575

Selvkost

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2023	2024	2025	2026	2023-26
Teknisk					
Slamcontainer Valle renseanlegg	500	0	0	0	500
Sum Teknisk	500	0	0	0	500
Sum	500	0	0	0	500

Teknisk

Brannvarsling- Helsehuset

Prosjektet blir foreslått utsatt til 2024.

Nye bad - Hybelbygg

Syner til utkast til vedlikeholdsplan for kommunale bygg i Valle kommune og dei vurderingar som der er gjort.

Oppgradering, Hylestad barnehage

Av ulike årsaker ikkje gjennomført i 2022, settes opp igjen som prioritert tiltak i 2023

Oppgradering, Laugarhalli

Syner til forprosjekt for oppgradering av Laugarhalli.

Må gjerast parallellt med oppgradering av Storstoga.

Oppgradering, Valle helsehus

Tiltaket blir foreslått utsatt til 2024, då Hylestad barnehage vil bli prioritert i 2023

Parkeringsplass - Kvisletoppen

Kommunen har forpliktet seg gjennom utbyggingsavtalane i forhold til utbygging av Kvisle-området å bygge ein dagparkeringsplass på toppen av Kvisletoppen. Denne plassen ligg inne i reguleringsplanen for Kvisleområdet og utbygginga i området er no kome fram til dette området. Framdriften på dette tiltaket må avpassast i forhold til framdrift på vegbygginga.

Tiltaket var sett opp i 2022, men gjennomføring kan ikkje bli før i 2023, evt. 2024

Vassleidning til Espetveit

Det er komme innspel/"søknad" frå grunneigarane i Espetveit om kommunalt vatn. Dette tiltaket er ikkje prosjektert/kostnadsrekna, men det er stipulert ein kostnad som er lagt inn i økonomiplanen

Vegljos - ombygging til målte anlegg

Prosjektet fortset i 2023.

Statens vegvesen har overteke alt vegljøs på Rv9 og bygd om vegljosanlegga som måtte splittast vekk frå riksveganlegga. I tillegg er alt av vegljosanlegg på Helle - Besteland og Rotemo - Lunden bygd om i samband med Rv9 ombygginga.

Andre investeringer

Teknisk

Arbeidsbil - teknisk

I budsjettvedtak sak 91/21 er investeringa flytta frå 2022 til 2024.

Det er behov for å skifte ut ein del av arbeidsbilane til driftsavdelinga på teknisk.

Nokre er allereie skifta ut, men det står nokre att.

Brannvarslingsanlegg, SFO-Gamle internat

Den samla bygningsmasse (SFO, Valle IL, Bygdekvinnelaget og 1. leilighet) har i dag har eit gammalt brannvarslingsanlegg. Det er ikkje lenger mogleg og skaffe delar til dette anlegget. Det er heller ikkje mogleg og koble dette anlegget med direktevarsling (ikkje pålagt) til 110. Teknisk avd. har vurdert spreingsfaren til Valle kultursenter ved ein eventuell brann så stor, at ein meiner dette er noko ein bør prioritere og har lagt inn dette som investeringstiltak i 2023.

Det er i 2022 gjort ei brannteknisk vurdering av heile bygningsmassen, som mellom anna konkluderer med at det må eit nytt brannvarslingsanlegg med direkte varsling til 110 sentralen.

Buss til Pleie og omsorg

Innkjøp av buss

Det er ei stor utfordring med transport i kommunen. Ved utarbeiding av «Heilskapeleg plan for pleie og omsorg 2022» kjem dette også fram som ei utfordring. Dersom ein i stor grad skal vri tenesta frå institusjon til heimebuande er transport eit viktig tiltak. Dette er eit tiltak som vil gjere at folk ikkje vert isolerte og einsame og ein vil kunne ha eldre som kan fungere sjølv lengre i eigen heim. Dette er ei forutsetning for at bruken av pengar i Pleie og omsorg ikkje skal ta av. Teneste på lågest nivå og mest effektive nivå. Universelt tiltak som vil favne mange.

Bygdeheimen - ombygging/nye vindu mellombygg

Prosjektet er starta i 2022 og vil bli ferdigstilt i 2023.

Flishoggar

I budsjettvedtak sak 91/21 er flishoggar flutt frå investeringsbudsjettet for 2022 til 2024.

Det blir meir og meir rydding/hogging langs vegar, i byggefelt o.l og håndtering av kvist er ei utfordring/problem. Det er derfor behov for ein flishogger som ein kan frakte rundt etter behov. Alternativet er å frakte dette til mottaksstasjonen på Rysstad - noko som er tidkrevjande og kostbart.

Ligg inne i ØP 2021-2024.

Gravemaskin

Kjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane er i økonomiplanen satt opp i 2020. Ein må vurdere dette tiltaket nærare og derfor blir tiltaket utsett til 2024.

Kloakkanlegg Nomeland

Prosjektet går ut på å bygge kloakkanlegg frå Nomelandsmone bustadfelt til Hylestad skule og vidare til Rysstad. Dette er 2. og 3. byggetrinn for å avkloakkere Nomeland og pumpe avløpet til Rysstad reinseanlegg.

Byggestart var hausten 2022 og ferdigstilling våren 2023

Ny bru til Straume

Det er i 2022 utarbeidd eit forprosjekt og eit kostnadsoverslag på bygging av ny bru til Straume.

Ny leilegheit Valle internat

For å utnytte eksisterende bygningsmasse blir det foreslått å bygge om den nordre delen av gamle internat (som i dag inneheld ei leilegheit mot sør) med ei ny leilighet i nordenden.

Då dette ligg i nærområdet til skule, barnehage og kultursenter, vil dette være ei attraktiv leilegheit for evt. lærar- og barnehage tilsette.

Nye ovnar til kjøkken på Bygdeheimen

Kjøkkenet på Valle Bygdeheim produserer mat til bebuarar ved Valle Bygdeheim og heimebuande pasienter. Det er viktig å legge til rette for eit effektivt kjøkken så ein kan produsere effektivt. Mat er ein viktig del i den førebyggjande delen av tenesta.

Nytt kjøkken Bygdeheimen, gruppe 3

Eksisterande kjøkken på gr.3 er heilt nedslitt og går i oppløysing.

Det er derfor behov for å skifte ut dette og det kan ikkje vente til ei framtidig ombygging.

Oppgradere Storstoga - Valle samfunnshus

Kommunestyret godkjente den 22.06.22, sak 48/22, forprosjekt for ombygging/nybygg av Valle kultursenter - Storstoga.

Forprosjektet har estimert byggekostnadene til kr. 54,2 mill eks. mva

Finansieringa skulle bli lagt fram i samband med handsaming av budsjett/økonomiplan for 2023-26.

Førebels er byggjearbeid planlagt sommaren 2023 og ferdigstilling i 2024.

Med bakgrunn i dette er det sett opp ei brutto budsjetttramme på kr. 70 mill (brutto inkl. mva) og fordelt på 2023 og 2024.

Søppelbu Furustøyl

Det er behov/nødvendig å utvide kapasiteten på søppelbuene i Furestøylområdet pga. auking av antal hytter i området.

Søppelbuene blir drifta av SMG, men det er Valle kommune som har ansvar for bygging, og er også formell eigar av alle søppelbuer i kommunen.

Det vart ferdigstilt ei søppelbu i 2021 og var planlagt ei også i 2022. Denne er utsett til 2023. I tillegg vil det vere behov for ei ny/ekstra i 2025

Traktorhengar

Det er eit stort behov for ny traktorhenger ved ytre teknisk.

Utskifting av vindauge - Valle skule

PS 91/21 Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 Handsaming i Kommunestyret av sak 91/2021 den 24.11.2021:

-Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide forprosjekt og totalkostnader på heile investeringsprosjektet «Utskifting av vindauge Valle skule» Heile prosjektet vert innarbeid som prioritert tiltak i budsjett 2023.

Det er innhenta tilbod på dette prosjektet.

Valle sentrum

Tiltaket gjeld oppfylling og tilrettelegging av tilkomst/parkeringsplassar i området aust for Valle sentrum. Inkludert i dette er omlegging av vatn/kloakkleidningar i området.

Arbeidet vart starta opp i 2022 og med ferdigstilling i 2023

Varmepumper omsorgsbustadar

Varmepumper i alle Omsorgsbustader (totalt 25)

Evt. sjå på løysingar for felles varmesentral der dette er mogleg.

Vassleidning til Straume

Denne anbodskonkurransen vart avlyst i 2022 og vil bli lyst ut på nytt med gjennomføring i 2023.

Grunngjeving for å avlyse anbodskonkurransen at at ein ikkje har oppnådd tilstrekkeleg konkurranse for gjennomføring av prosjektet, samt at det ikkje er budsjettdekning til gjennomføring av tiltaket i budsjettet for 2022.

Under føresetnad av budsjettdekning i budsjett/økonomiplan for 2023, vert tiltaket lyst ut på nytt vinteren 2023 og med gjennomføring summaren 2023.

Vatningsanlegg kyrkjegard

Det er estimert ein kostnad på kr 1 mill til opprusting og utviding av vatningsanlegga på kyrkjegardane. Dette omhandlar å etablere borehol med pumpe som vassforsyning, utskifting av gamle spreiarar og koblingar og utviding av vatningsanlegga for å dekke større areal.

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

Dette tiltaket medfører også auka driftskostnader i form av auka straumutgifter og auka kostnader til drift/vedlikehald av anlegga, estimert til kr 25000,- pr. år pr. anlegg.

Vegljos bustadfelt Åsan, Homme, Leite, Brokke

Det vert bygt vegljosanlegg i Helle grendefelt hausten 2022. Prosjektet fortset i 2023.

Selvkost

Teknisk

Slamcontainer Valle renseanlegg

Dei gamle slamcontainerane er no så angrepne av rust at dei må byttast ut. I den sammenheng bør det bli investert i ny tett container med punktavsug av hensyn til arbeidsmiljøet på renseanlegget.


Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Investeringer i varige driftsmidler	57 575	40 700	9 650	1 650
Tilskudd til andre investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	600	600	600	600
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	58 175	41 300	10 250	2 250
Kompensasjon for merverdiavgift	-10 225	-7 610	-1 850	-330
Tilskudd fra andre	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Bruk av lån	-47 350	-33 090	-7 800	-1 320
Videreutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til videreutlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Overføring fra drift	-600	-600	-600	-600
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-58 175	-41 300	-10 250	-2 250
Sum finansieringsbehov	58 175	41 300	10 250	2 250
Sum finansiering	-58 175	-41 300	-10 250	-2 250
Udekt finansiering	0	0	0	0

Investeringane i økonomiplanperioden 2023-2026 vert finansiert ved lån. Alternativ finansiering var bruk av bunde investeringsfond, men dette har kommunen veldig lite av som kan nyttast til finansiering av investeringar, eller disposisjonsfond. Disposisjonsfond er p.t. så lågt at det er ikkje tilrådeleg å bruka frå disposisjonsfondet til finansiering av investeringar korkje i 2023 eller 2024, dette vert omtala nærere under kapitlet *Økonomiske utvikling i planperioden*.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Valle	0,0 %	0,0 %	62,1 %	54,5 %	63,3 %	72,2 %	76,9 %	72,5 %	65,1 %

Frå 2020 er Valle kommune plassert i kostragruppe 15. Med utgangspunkt i handlingsregelen der ein definerar netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter til å vera på nivå med gjennomsnittet i kostragruppe 15, eit nivå som var omlag 80 % i 2021 som er siste tilgjengelege talgrunnlag i kostra. For 2023 vert dette nivået omlag 72 % for Valle, men ein svak auke i 2024 før den har nedadgåande trend vidare i økonomiplanperioden, men heile perioden ligg nivået under gjennomsnitt i kostragruppa. Nye låneopptak i heile økonomiplanperioden er lagt inn for å finansiera investeringane, samstundes som at driftsinntektene ikkje er justerte opp utover i økonomiplanperioden. Dette gir eit bilete for utviklinga i økonomiplanperioden som gir høgare netto lånegjeld enn det som vil vera ein realitet om driftsinntektene vert justerte.

Hovudtala i budsjettforslaget

Føresetnader i statsbudsjettet for kommuneøkonomien

Dei føresetnader som ligg til grunn for inntekter og utgifter i forslag til budsjett 2023 og økonomiplan for 2023-2026 for Valle kommune vert omtala i dette kapitlet. Kommunesektoren sine inntekter er sett saman av frie inntekter og øyremerkta tilskot, gebyr og eigenbetalingar, som er knytt til spesifikke kommunale tenester. Dei frie inntektene er inntekter som kommunen kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. Dei frie inntektene består av rammetilskot og skatteinntekter. I statsbudsjettet for 2023 vert det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 1,7 mrd. kroner. for kommunesektoren, dette er over det intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen for 2023. Det ligg an til at pensjonskostnadene vil verta 0,1 mrd kroner lågare enn lønsveksten, mens det i kommuneproposisjonen vart lagt til grunn at pensjonskostnadane ville utvikla seg i takt med lønsveksten. Prisveksten 2022 har vore betydeleg høgare enn anslått i RNB, mellom anna som følgje av auka prisar på elektrisitet og byggevarer. Samla sett fører dette til at regjeringa oppjusterer anslaget for løns- og prisvekst i kommunal deflator i 2022 med 1,6 % til 5,3 %, ei oppjustering som fører til auke i kostnadsnivået i kommunesektoren med omlag 7,1 mrd. kroner som også blir vidareført til 2023 utan ekstra finansiering.

Det er ingen endring i måltalet for skatt som utgjør 40 % av samla inntekter. Den kommunale skattøren er justert opp med 0,2 % til 11,15 % i 2023.

Løns- og prisveksten frå 2022 til 2023 (deflator) er anslått til 3,7 %. Årslønsveksten frå 2022 til 2023 i kommunesektoren anslås til 4,2 % (60 % av deflater) og den kommunale prisveksten er anslått til omlag 3,0 %. Anslaget for løns- og prisvekst i 2023 er berekna ut frå det oppjusterte kostnadsnivået for 2022.

I budsjettet for 2023 er det foreslått følgjande direkte justeringar i budsjetttrammene (oppgåveendringar og korreksjonar) som kjem i tillegg til realveksten:

- Barnehage
 - Maksimal foreldrebetaling foreslås redusert til kr 3 000 pr. mnd, kompensering for inntektsbortfallet ved auke i rammetilskot med 329 mill. kroner fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage.
 - Gratis barnehageplass fra tredje barn i familien, kompensert via rammetilskot.
 - Gratis barnehage i tiltakszoner i Troms og Finnmark, kompensert i rammetilskot.
 - Pensjonspåslaget for private barnehager vert redusert frå 13 % til 10%, justert i rammetilskot.
- Barnevern
 - Barnevernsreforma. Rammetilskotet vert auka ytterlegare med 498 mill. kroner i 2023. Ny barnevernlov trer i kraft frå 1.1.23 som inneheld plikt for barnevernstenesta til å utarbeida ein plan for gjennomføring av samvær med foreldre, søsken og andre nærstående som barnet har eit etablert familieliv med. Her er pårekna meirutgifter til kommunene med 31,5 mill. kroner som er kompensert i rammetilskotet, fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnevern.
- Kommunehelsetenesta
 - Styrking av basistilskot for fastlegar, auke i rammetilskot med 480 mill. kroner.
- Grunnskule
 - Nytt prøvegjenomføringssystem aukar graden av digitalisering og det er forventa å gi ein gevinst for kommunene tilsvarende reduksjon i rammeoverføringar på 12 mill. kroner.

Heilårsverknad i 2023 for endringar som kom inn i statsbudsjettet for 2022 slik som 12 timar gratis SFO på første trinn er innarbeid ved auke i rammetilskot på 795 mill. kroner.

Valle vil for 2023 få overføring i rammetilskot til særskilt fordeling med kr 708 000 som er kr 176 000 til helsestasjon/skulehelseteneste og kr 519 000 i tilskot til grunnskule.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å bidra til at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sin kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning). Om fordelinga som følgje av utgifts- og skatteutjamning skjer gjennom innbyggjartilskotet. Utgiftsutjamninga er grunngeven med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gjev strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad sjølve kan påverke. For at kommunane skal kunne gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må ein ta omsyn til slike strukturelle skilnader i kostnader når dei økonomiske rammene for den einskilde kommune vert fastsett. Eksemplar som slike skilnader i kostnader mellom kommunane er aldersfordeling og reiseavstand innafor kommunen. For å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadane vert og skatteinntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattyttarar og naturressursskatt frå kraftforetak.

I tillegg til dei reine rammeoverføringane, basert på inntektssystemet, vert det gjeve skjønstilskot for å kompensera kommunane for lokale tilhøve som ikkje vert fanga opp i den faste delen av inntektssystemet.

Øyremerka tilskot og refusjonsordningar er ikkje ein del av inntektssystemet og ligg ikkje inne i dei frie inntekten. Slike tilskot og refusjonar kjem av ein grunn i tillegg til rammetilskotet som er berekna. Av desse inntekter kan nemnast refusjonsordninga for ressurskrevjande tenester. Desse tilskota/refusjonsordningane er innarbeid i driftsbudsjettet på dei aktuelle einingane i økonomiplanperioden.

Valle kommune får ikkje overført skjønstilskot på den sentrale rammetildelinga, men kan søkje midlar frå ufordelt ramme som Statsforvalteren fordel gjennom året. I tillegg til den ordinære toppfinansieringsordninga av ressurskrevande tenester er der satt av 85 mill. kroner til som ekstra kompensasjonsordning basert på skjønn. Kriterier som legges til grunn for utmåling for kommunane er; færre enn 3 200 innbyggjarar, har høge utgifter til ressurskrevande tenester og at gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste 3 åra er lågare enn 120 % av landsgjennomsnittet, eit kriterie som gjer at Valle ikkje vil kunne få tildeling.

Bevilgningar relatert til covid-19 ligg ikkje inne i ramma for 2023, vil bevilgningar verte vurderte i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022 i november 2022.

Trekk i rammetilskot grunna auka inntekter frå konsesjonskraft

Forslaget betyr eit eitårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 milliarder kroner frå kommunar og fylkeskommunar med inntekt frå konsesjonskraft som ligg i prisområda Østlandet (NO 1), Sørlandet (NO 2) og Vestlandet (NO 5).

Verdien av konsesjonskrafta i områda med høge straumpriser anslås til om lag 13 mrd. kroner i 2022 og 11 mrd. kroner i 2023 basert på prisanslag fastlagt i begynnelsen av august i år, opp frå 4 mrd. kroner i 2021.

I verdiberekningane er krafta verdsatt med utgangspunkt i anslått markedspris (spotpris). For 2023 er det lagt til grunn ein pris på 182,73 øre/kWh på Østlandet, 193,93 øre/kWh på Sørlandet og 179,93 øre/kWh på Vestlandet.

Kor mykje av den auka verdien som vert realisert i form av *Auka inntekt* i kvar einskild kommune og fylkeskommune er samstundes uvisst. Korleis krafta vert disponert, og til kva pris den eventuelt vert seld for, varierer betydelig mellom kommunar og fylkeskommunar. Det finnes ingen samla oversikt over dette. Grunna denne mangelen på informasjon og uvisse har regjeringa lagt opp til å trekke ein gitt del av anslått verdi.

Regjeringa sitt forslag om å trekke 3 mrd. kroner tilsvarar anslagsvis under ein tredjedel av den anslåtte verdien av konsesjonskrafta berre i 2023. Med det legger regjeringa opp til at kommunesektoren skal få behalda ein stor andel av dei anslåtte inntektene for de to åra (2022 og 2023) samlet sett, og det er tatt høgde for at kommunar kan ha bundet opp prisen i lange kontraktar.

Der er stor variasjon i disponeringa av konsesjonskrafta. Ingen skal bli trekt for inntekter dei ikkje kan realisera som følgje av juridisk bindande kontraktar som vart inngått før dette forslaget blei kjent den 28. september 2022. For å få ei rimeleg fordeling av trekket vil regjeringa fram til 1. desember 2022 gje kommunane og fylkeskommunane høve til å rapportera inn korleis konsesjonskrafta er disponert. Basert

på innsendt informasjon vil regjeringa fastsetje den endelege fordelinga. For dei kommunar og fylkeskommunar som ikkje rapporterer inn, vil trekket i utgangspunktet vera basert på deira del av total mengde konsesjonskraft i dei aktuelle prisområda, verdsatt til forventta marknadspris.

Valle kommune har ingen slike juridisk bindande kontraktar eller avtalar, slik at meirinntekt frå konsesjonskraft vil verta trekt.

Inntektssystemutvalgets rapport, NOU 2022:10

Inntektssystemutvalget blei oppnevnt 12. mai 2020, og fekk et breitt mandat til å foreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. I utredninga foretar utvalet ei vurdering av dagens inntektssystem, og kjem med forslag til endringar i rapporten som vart lagt fram 29. august 2022 (NOU 2022:10). Ingen forslag til endringar i rapporten er tatt inn i økonomiplanen for 2024-2026, då rapporten er planlagt politisk handsama i løpet av 2023.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Rammetilskot	-45 911	-44 170	-43 400	-26 392	-47 492	-47 492	-47 492
Integreringstilskot for mottak av flyktningar (IMDI)	0	0	0	-4 800	0	0	0
Skatt på inntekt og formue	-37 481	-39 167	-40 503	-40 670	-40 670	-40 670	-40 670
Eigedomsskatt	0	0	0	-36 200	-36 200	-36 200	-36 200
Naturressursskatt og konsesjonsavgift	0	0	0	-28 100	-28 100	-28 100	-28 100
Sum frie inntekter	-83 392	-83 337	-83 903	-136 162	-152 462	-152 462	-152 462

Rammetilskot

I statsbudsjettet for 2023 legges det opp til at ekstraordinær inntekt frå konsesjonskraft, grunna høge straumprisar, skal trekkast inn ved trekk i rammetilskotet i prisområde NO1, NO2 (Sør-Noreg) og NO5. Vidare går det fram at bidraget som vert trekt inn skal stå i forhold til den inntekt som faktisk kan realiserast, og at ingen skal bli trekt for inntekter som ikkje kan realiserast grunna juridisk bindande avtalar, som vart inngått før 28. september 2022. Valle har ingen slike avtalar, av den grunn er bidraget som vert trekt inn rekna ut til å vera 21,1 mill. kroner basert på berekningar gjort av KIKS. Rammetilskotet er redusert med inntrekk på 21,2 mill. kroner for 2023.

1 180 innbyggjarar pr. 1.7.22 ligg til grunn for utjamning-/innbyggjartilskot for 2023.

Skattevekst 2023: landet -5 %, Valle 1 % ligg som grunnlag for utrekning av rammetilskot for 2023.

Integreringstilskot for mottak av flyktningar (IMDI)

Dei føresetnadar som er lagt til grunn for budsjett 2023 er at i løpet av 2022 vil der koma 15 flyktningar frå Ukraina og busette seg i Valle. I tillegg er der lagt inn ein prognose på mottak av ytterlegare 6 flyktningar i 2023. Kommunen har eit begrensa antal bustader til disposisjon, dette gjer det vanskelig å ta imot inntil 45 flyktningar som politisk vedtak gjer rom for i dei neste åra.

Dette talgrunngrunnlaget ligg til grunn for prognose for Integreringstilskot i 2023 og ikkje vidare i økonomiplanperioden.

Skatt på inntekt og formue

Skatteinnngonga for landet og dels for Valle har vore svært varierende dei siste åra. Mykje av dette skuldast covid-19 og den innverknad dette hadde på realøkonomien. I etterkant av pandemien er situasjonen nå aukende inflasjon og auka rentenivå som slår direkte inn på realøkonomien og gjer at der er stor uvisse knytt til den økonomiske veksten framover som då har direkte verknad på skatteveksten. Anslag i statsbudsjettet legges til grunn med skattevekst på landet for 2023 på -5,0 %. Skattevekst for Valle på 1 % er basert på gjennomsnittleg vekst dei siste 3 åra.

Naturressursskatten inngår ikkje her, ligg på eigen post.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt etter § 3 c i eigedomsskattelova; på vasskraft. Skattegrunnlaget frå Skatteetaten vert kjent i november/desember, her er det største grunnlaget for eigedomsskatt i tillegg til lokale takstar på småkraft. Takstgrunnlaget vil auka frå 2022, men ukjent med kor mykje, då der er fleire faktorer som legges til grunn og inngår i berekninga. Kraftprisen auka betydeleg i 2021, eit år som inngår i gjennomsnittet og ligg betydeleg høgere enn kraftprisen 2016 som går ut av gjennomsnittet, kraftpris dei siste 5 åra inngår i grunnlaget. Etter desse vurderingene legges nivå på eigedomsskatt i 2021 til grunn for eigedomsskatt i 2023. I framlegg til statsbudsjett for 2023 som pr. oktober 2022 ikkje er vedtatt, ligg inne ein auke i grunnrenteskatt på vasskraft, ein slik auke vil redusera grunnlaget for eigedomsskatt. Dette er vist i økonomiplanperioden med ein moderat nedgang.

Naturressursskatt og konsesjonsavgift

Naturressursskatt på 14,8 mill. kroner og konsesjonsavgift på 13,3 mill. kroner. Beløpa ligg uendra i økonomiplanperioden.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Diverse pensjon	-8 971	-3 200	-3 200	-3 500	-3 500	-4 400	-4 200
Sum sentrale utgifter	-8 971	-3 200	-3 200	-3 500	-3 500	-4 400	-4 200

Diverse pensjon

Utgifter til pensjon vert budsjettert basert på berekingar og prognoser gjort av pensjonskassane; KLP og SPK (lærarar). Berekingane er baserte på kva ein trur utvikling i løn vil verta, vekst i medlemmer og utbetaling og avkastning i KLP/SPK. Avkastning i finansmarknaden har stor innverknad på pensjonskostnadane til kommunane.

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

Pensjonspremien er innbetaling til pensjonskassane KLP og SPK. Denne vert rekna ut frå talet på tilsette og løna deira og lønsveksten gjennom året. Pensjonspremien er budsjettert på tenesteområda som ei utgift. Det er for 2023 berekna at Valle kommune skal betala ein samla pensjonspremie på omlag 18 mill. kroner.

Bruk av premiefond er bruk av avkastning på pensjonsmidla innbetalt til KLP til betaling av deler av pensjonspremien. Det er i budsjett 2023 lagt opp til bruk av 1 mill. kroner av tidlegare avkastning i staden for innbetaling. Dette vert budsjettert og rekneskapsført samla.

Årleg premieavvik er skilnad mellom berekna pensjonskostnad og innbetalt pensjonspremie. Denne vert ført i budsjett/rekneskap som ein inntektspost. Prognosen seier 11,7 mill. kroner, men i budsjettet for 2023 og heile økonomiplanperioden er denne nedjustert til 9 mill. kroner, då her er mykje uvisse. Årleg premieavvik vert fordelt med motsatt forteikn dei sju neste åra via posten tidlegare årleg premieavvik (amortisering), som då i realiteten er ei gjeld til seinare budsjett. I budsjett 2023 er amortisering lagt inn som utgift med 4 mill. kroner. Valle kommune har amortisering på 7 år.

Endra reguleringsmetode i 2021 gir auka pensjonspremiar i planperioden, sett i høve til rekneskapen for 2021. Pensjonskostnadane i økonomiplanperioden er budsjetterte i tråd med prognoser gitt av KLP.

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Politisk styring	2 982	3 045	3 045	3 270	3 270	3 270	3 270
Kommunedirektøren	4 263	4 490	4 490	4 890	4 740	4 640	4 640
Næring	2 354	3 035	3 035	4 543	3 393	3 393	3 393
Kultur, bibliotek	5 017	5 160	5 160	5 965	6 361	6 758	6 368
IKT	2 193	2 831	2 831	5 127	4 300	3 900	3 900
Økonomiavdelinga	26 772	11 472	11 472	11 257	11 257	11 257	11 257
SVR	0	0	0	0	0	0	0
Velkomstsenter	3 527	4 208	4 208	4 468	4 468	4 468	4 468
Interkommunalt PPT	730	799	799	799	799	799	799
Interkommunalt barnevern	1 536	1 587	1 587	1 587	1 587	1 587	1 587
Skule	20 025	19 893	19 453	22 110	21 538	20 838	20 688
Barnehage	9 492	8 604	8 604	10 817	10 408	9 518	9 518
Helse	14 913	13 473	13 473	14 661	14 661	14 661	14 848
NAV	2 418	2 134	2 134	4 356	3 234	2 634	2 334
Pleie og omsorg	40 735	37 314	38 062	39 964	38 904	38 134	38 134
Teknisk	14 061	26 623	27 063	32 046	30 024	28 489	28 489
Diverse pensjon	-719	0	0	0	0	0	0
Konsesjonskraft	0	0	0	0	0	0	0
Finansiering	12 463	-702	-702	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenesteområde	162 762	143 966	144 714	165 860	158 944	154 346	153 693

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Renteinntekter og utbytte	-4 492	-4 774	-9 343	-18 321	-10 183	-10 183	-10 183
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 840	2 516	3 116	5 526	6 126	7 837	7 027
Avdrag på lån	13 154	12 995	12 995	13 925	14 455	15 785	16 185
Konsesjonskraftinntekter	-10 300	-10 300	-19 400	-43 600	-35 300	-35 300	-35 300
Netto finansinntekter/finansutgifter	202	437	-12 632	-42 470	-24 902	-21 861	-22 271
Finansutgifter i tenesteområda	179	-23	-23	-104	-104	-104	-104
Totale finansutgifter	381	414	-12 655	-42 574	-25 006	-21 965	-22 375
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0

Renteinntekter og utbytte

Utbytte Agder Energi

Agder Energi AS sitt resultat 1,518 mrd kroner frå 2021 legges til grunn. Valle har ein eigardel på 1,129 %. Eigarane får 367 mill. kroner ekstra pga godt resultat i 2021, gjelder for året 2023, og gir eit utbytte til Valle kommune på 17,140 mill. kroner.

For resten av planperioden legges til grunn eit utbytte på 9 mill. kroner årleg.

Andre renteinntekter

Renteinntekter frå bank på avkastning på innskot i tillegg til rentekompensasjon frå Husbanken for investeringar gjort som kjem inn under kompensasjonsordninga.

Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter

Lagt til grunn gjeldande nedbetalingsplan for eksisterande lån, der 63 mill. kroner av gjelda pr. 2022 har fastrente. Låneopptak i tråd med investeringsplan i økonomiplanperioden legges til grunn.

Kommunalbanken si budsjettrente pr. 16.10.22 slik; 2023=4,55 %, 2,24=4,50 %, 2,25=4,35 % og 2,26=4,25 % er nytta for den delen av gjelda som har flytande rente.

Avdrag på lån

Nedbetalingsplan for eksisterande lån og nye låneopptak i tråd med nye låneopptak i økonomiplanperioden er lagt til grunn.

Konsesjonskraftinntekter

Inntekter frå konsesjonskraft med budsjettprognose for utbetalt for 2023 og anslag for utbetaling for 2024-2026 er basert på KIKS sitt ansvar for marknadsprisar pr. 31.08.22. I dette ligg også eit vedtak gjort av PFU 13. oktober om å utbetala 200 mill. kroner ekstra til kommunene/fylket utover prognosen frå KIKS. Inntekt frå konsesjonskraft for 2023 er på 43,6 mill. kroner og 35 mill. kroner for åra 2024-2026.

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

KIKS har dessutan laga eit anslag for rammetrekk på omlag 500 mill. kroner i høgprisområde. Basert på dette til vil rammetrekket for Valle utgjør 21,1 mill. kroner som ligg som fråtrekk under rammetilskotet, dette rammetrekket gjeld berre for 2023.

Disponering av driftsramma

Oversikt Drift

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Frie inntekter							
Rammetilskot	-45 911	-44 170	-43 400	-26 392	-47 492	-47 492	-47 492
Integreringstilskot for mottak av flyktningar (IMDI)	0	0	0	-4 800	0	0	0
Skatt på inntekt og formue	-37 481	-39 167	-40 503	-40 670	-40 670	-40 670	-40 670
Eigedomsskatt	0	0	0	-36 200	-36 200	-36 200	-36 200
Naturressurskatt og konsesjonsavgift	0	0	0	-28 100	-28 100	-28 100	-28 100
Sum frie inntekter	-83 392	-83 337	-83 903	-136 162	-152 462	-152 462	-152 462
Sentrale utgifter							
Diverse pensjon	-8 971	-3 200	-3 200	-3 500	-3 500	-4 400	-4 200
Sum sentrale utgifter	-8 971	-3 200	-3 200	-3 500	-3 500	-4 400	-4 200
Driftsutgifter per tenesteområde							
Politisk styring	2 982	3 045	3 045	3 270	3 270	3 270	3 270
Kommunedirektøren	4 263	4 490	4 490	4 890	4 740	4 640	4 640
Næring	2 354	3 035	3 035	4 543	3 393	3 393	3 393
Kultur, bibliotek	5 017	5 160	5 160	5 965	6 361	6 758	6 368
IKT	2 193	2 831	2 831	5 127	4 300	3 900	3 900
Økonomiavdelinga	26 772	11 472	11 472	11 257	11 257	11 257	11 257
SVR	0	0	0	0	0	0	0
Velkomstsenter	3 527	4 208	4 208	4 468	4 468	4 468	4 468
Interkommunalt PPT	730	799	799	799	799	799	799
Interkommunalt barnevern	1 536	1 587	1 587	1 587	1 587	1 587	1 587
Skule	20 025	19 893	19 453	22 110	21 538	20 838	20 688
Barnehage	9 492	8 604	8 604	10 817	10 408	9 518	9 518
Helse	14 913	13 473	13 473	14 661	14 661	14 661	14 848
NAV	2 418	2 134	2 134	4 356	3 234	2 634	2 334
Pleie og omsorg	40 735	37 314	38 062	39 964	38 904	38 134	38 134
Teknisk	14 061	26 623	27 063	32 046	30 024	28 489	28 489
Diverse pensjon	-719	0	0	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenesteområde	150 299	144 668	145 416	165 860	158 944	154 346	153 693
Korr. finansutgifter i tenesteområda	-179	23	23	104	104	104	104
Korr. avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-3 805	500	500	-1 606	-1 606	-1 606	-1 606
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområdet	12 091	0	0	0	0	0	0
Brutto resultat (KOSTRA)	675	-2 546	2 336	24 695	1 479	-4 019	-4 472
Renteinntekter og utbytte	-4 492	-4 774	-9 343	-18 321	-10 183	-10 183	-10 183
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 840	2 516	3 116	5 526	6 126	7 837	7 027
Avdrag på lån	13 154	12 995	12 995	13 925	14 455	15 785	16 185
Konsesjonskraftinntekter	-10 300	-10 300	-19 400	-43 600	-35 300	-35 300	-35 300
Netto finansinntekter/finansutgifter	202	437	-12 632	-42 470	-24 902	-21 861	-22 271
Finansutgifter i tenesteområda	179	-23	-23	-104	-104	-104	-104

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. bud. i fjor 2022	Rev. bud. i fjor 2022	Økonomiplan			
				2023	2024	2025	2026
Totale finansutgifter	381	414	-12 655	-42 574	-25 006	-21 965	-22 375
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar i tenesteområda	-12 091	0	0	0	0	0	0
Netto resultat (KOSTRA)	1 428	-2 834	-11 021	-17 879	-23 527	-25 984	-26 847
Til bundne avsetninger - næringsfond (1A)	13 658	12 000	12 000	13 300	13 300	13 300	13 300
Bruk av næringsfond (1A)	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
Disponering av mindreforbruk	0	3 802	11 989	14 372	20 020	22 477	23 340
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	600	600	600	600
Netto avsetningar	1 658	3 802	11 989	16 272	21 920	24 377	25 240
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	3 806	-500	-500	1 606	1 606	1 606	1 606
Totale avsetningar	-1 428	2 834	11 021	17 879	23 527	25 984	26 847
Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+)	0	0	0	0	0	0	0

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Investeringer i varige driftsmidler	57 575	40 700	9 650	1 650
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	600	600	600	600
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	58 175	41 300	10 250	2 250
Kompensasjon for merverdiavgift	-10 225	-7 610	-1 850	-330
Tilskudd fra andre	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Bruk av lån	-47 350	-33 090	-7 800	-1 320
Videreutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til videreutlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Overføring fra drift	-600	-600	-600	-600
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-58 175	-41 300	-10 250	-2 250
Sum finansieringsbehov	58 175	41 300	10 250	2 250
Sum finansiering	-58 175	-41 300	-10 250	-2 250
Udekt finansiering	0	0	0	0

Økonomisk utvikling i planperioden

Valle kommune har eit økonomisk måltal (handlingsregel) der kravet til netto driftsresultat er på minst 2 % over tid. Netto driftsresultat er målt i høve til brutto driftsinntekter. Utover det er der gitt eit måltal på nivå på disposisjonsfondet på omlag 20 mill. kroner og eit forsvarleg nivå på lånegjelda. Kommunedirektøren ønskjer med dette budsjettet å gi nokre indikatorar for kva handlingsregel Valle kommune bør ha. Økonomiske måltal gir ein indikator på kva handlingsregel kommunen bør halda seg etter og følgje. Handlingsregelen bør byggje på analysar av det heilskaplege bilete av den økonomiske situasjonen til kommunen, der fleire tilhøve spelar inn. Til dømes vil trongen for og nivået på investeringar og planlagt låneopptak i økonomiplanperioden ha innverknad på det økonomiske handlingsrommet kommunen vil få. Har kommunen økonomi til eigenfinansiering av investeringar vert handlingsrommet større for kommunen. Utvikling og prognose for inntekter, uttrykt via frie inntekter og andre inntekter, må tilleggjast stor vekt. Kva frie inntekter kommunen har, uttrykt via disposisjonsfond, er dessutan ein viktig indikator for økonomisk handlingsrom for kommunen. Disposisjonsfond kan nyttast til finansiering av både drift og investeringar.

Bevilgningskjema og obligatoriske tabellar som går fram av kommunelova med forskrifter er inntatt i årsbudsjettet 2023 og økonomiplan for 2023-2026. Årsbudsjettet skal vera tilpassa den verksemda som vert driven med beløp for budsjettåret, innehalda oversikter over siste vedteke årsrekneskap og det førre budsjettåret (2022). Årsbudsjettet syner dessutan utvikling i gjeld, dette går fram av skjema "Økonomisk oversikt - investering" og skjema "Oversikt investering og finansiering". Utvikling i lånegjeld framgår av graf i kapitlet "Investeringar i økonomiplanperioden".

Valle kommune tilhøyrer Kostragruppe 15 bestående av små kommuner med høge bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter, og som det slik sett er naturleg å samanlikna seg med i høve til kostnadene på tenestetilbodet kommunen yt. Valle kommune ligg generelt høgt i kostnadsnivå ved slik samanlikningar. Over fleire år har kommunen hatt fokus på å identifisera kostnadar sett opp mot det samanlikningsgrunnlaget som er, og å innrette driftsrammene i tråd med dei funn som er gjort ved analysar og gjennom demografisk utvikling.


Tiltak i drift som ligg til grunn i økonomiplanen for 2022-2025 er styrande for dei driftsrammer som er utgangspunktet for eit forventa driftsnivå også inn i komande økonomiplanperioden. Samstundes ser ein at der har kome til eksterne forhold som gjer at driftsrammene må aukast. Dette gjeld særleg auke i straumprisar som aukar kostnadane til Valle kommune med omlag 5 mill. kroner og auke i lønskostnadar grunna lønsoppgjøret. I løpet av 2022 har Valle tatt imot flyktningar frå Ukraina, dette er ei hending som ikkje var inntatt i økonomiplanen for 2022-2025, dette har skapt behov for auke i driftsrammer til både nav, barnehage og vaksenopplæringa.

Valle kommune har nyleg vedtatt heilskapleg plan for pleie og omsorg og heilskapleg plan for oppvekst. I tillegg har kommunen utarbeidd ein vedlikehaldsplan for all kommunal bygningsmasse som identifiserar den trongen der er for vedlikehald av kommunale bygg, både det som er etterslep av vedlikehold og det som vil koma i tida framover. Desse planane er viktige dokument for prioriteringar i økonomiplanen framover. Den demografiske utviklinga med framskriving av befolkningsutviklinga som er omtala i kapitlet *Folketal* omtalar den forventa markant auken som vil koma blant eldre, ein auke som er nært føreståande. Den demografiske utviklinga går i retning av ein moderat til låg befolkningsvekst med færre barn i barnehage og skule og fleire eldre. Kommunen står ovafor ei utfordring med å klara å løysa dei strukturelle endringane med moglegheit for nye driftsløysingar innan Pleie- og omsorg der ein særleg må ha fokus på korleis ein innrettar seg i høve til kva type pleie- og omsorgstenester og på kva nivå i omsorgstrappa kommunen skal eller kan tilby tenestane. Ei stor utfordring her vert å ha kompetanse til å utføra tenestane.

Eit fokus som har vore gjennom 2022, og som også er omtala særskilt i kommuneproposisjonen for 2023, er den dreining som kommunane må ha i retning av digital transformasjon og automatisering av tenestar og oppgåver. Dette er synleggjort gjennom fleire konkrete tiltak i økonomiplanperioden. Dette er endringar som er bærekraftige i tida framover og frigjør arbeidskraft til den type tenestar som må gjerast av mennesker.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er ein indikator der Valle samanliknar seg med gjennomsnittet i kostragruppe 15 som er ein indikator i måltal. Tal for 2021 syner at Valle ligg på 55 % mot gjennomsnitt i kostragruppe er på 80 %, altså ligg Valle godt under gjennomsnittet. Dei låneopptak som vil koma i økonomiplanperioden, 2023 og 2024, vil auka Valle sin andel, men vil likevel leggja innaforsvarlig nivå slik det framgår av måлтаlet.


Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Valle	0,0 %	0,0 %	6,6 %	-0,5 %	1,7 %	8,1 %	10,3 %	11,4 %	11,8 %
Handlingsregel	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %

Valle kommune har har økonomisk måltal (handlingsregel) der kravet til netto driftsresultat er på minst 2 % over tid. Netto driftsresultat er målt i høve til brutto driftsinntekter. Grafen syner at netto driftsresultat bakover i tid med god margin har lege over måлтаlet med unntak av 2021 og i regulert budsjett for 2022. I budsjett for 2023 er talet 8,1 % med ein auke vidare utover i økonomiplanperioden, og stettar då måлтаlet med god margin. Netto driftsresultat kunne i teorien vore endå høgare for 2023, men der var god grunn for å auka driftsrammene til fleire rammeområder grunna auka kostnader til løn, straum og andre varer og tenester.

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Valle	0,0 %	0,0 %	1,8 %	4,6 %	3,4 %	0,7 %	4,7 %	6,1 %	5,9 %

Valle kommune har ikkje definert denne målindikatoren inn i økonomiske måltal, men indikatoren gir eit bilete av netto finans inntekter- og utgifter og avdrag i høve til brutto driftsinntekter. Auke i budsjettrentene i økonomiplanperioden og auke i låneopptak gjer utslag i grafen i negativ retning.

Alle lån tekne opp før 2020 har 20 års nedbetalingstid og dette fører til høge årlege avdrag som virkar negativt inn på utmålinga i grafen. Låneopptak etter 2020 har 30 års nedbetalingstid og gir mindre utslag i grafen.

Grafen syner veldig låge netto finanskostnader i 2023 grunna budsjettert høgt utbytte frå Agder Energi og forholdsvis låge renteutgifter då ein stor del av låneportefølja til Valle kommune har fastrente, men som opphøyrer i løpet av økonomiplanperioden.

Tabellen hentar tal frå kostrareportering og kostragruppe 15 som Valle er i frå 2020 (difor mangla talgrunnlag før 2020).

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2022	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Sum inntekter	-196 959	-220 058	-228 058	-228 058	-228 058
Sum utgifter	182 943	200 685	193 769	188 271	187 818
Brutto resultat	-14 016	-19 373	-34 289	-39 787	-40 240
Netto finansutgifter og inntekter	10 714	1 494	10 762	13 803	13 393
Motpost avskrivinger	0	0	0	0	0
Netto resultat	-3 302	-17 879	-23 527	-25 984	-26 847

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

	Budsjett 2022	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	3 302	17 879	23 527	25 984	26 847
Årsresultat	0	0	0	0	0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	1,7 %	8,1 %	10,3 %	11,4 %	11,8 %

Netto driftsresultat ein viktig faktor

Tabell syner eit netto driftsresultat som ligg over økonomisk måltal med god margin i heile økonomiplanperioden. Der er ikkje gjort justeringar i sum inntekter eller sum utgifter i økonomiplanperioden for 2024-2024 utover dei justeringar som ligg inne i driftstiltak som går inn i perioden og justering av kapitalinntekter- og utgifter. Sentrale inntekter er ikkje justerte opp og heller ikkje justert opp løns- og prisvekst i perioden 2024-2026.

Eit stabilt og solid brutto driftsresultat i økonomiplanperioden er eit viktig fundament for å møte dei økonomiske utfordringane som kan koma sett i høve til svingningar i finansutgifter- og inntekter og ikkje minst svingningar i kraftinntekter. For å halda eit stabilt og solid brutto driftsresultat må ein sikra stabilitet i inntekter, både frie inntekter og inntekter frå kraftsektoren. Det neste er å sikra forutsigbarheit i høve til driftsutgiftene og då med tanke på driftsutgiftene i tenesteproduksjonen. Ein økonomiplan som tek opp i seg dei demografiske utfordringane som Valle kommune og samstundes definerar det nivå tenestetilbodet skal vera på vil over tid ha ein økonomisk handlefridom som gjer at om uforutsette hendingar skulle koma vil kommunen ha økonomi til å kunne handtera dette.

Utfordringar knytt til finanskostnader

Ei anna utfordring for kommuneøkonomien er å sikra stabilitet og forutsigbarheit i høve til finansinntekter- og inntekter. Her kjem faktorar inn som kommunen isolert sett ikkje rår over. Aksjeporteføljjen i Agder Energi AS er ein slik inntektspost og endringar i rentemarknaden er ein annan faktor som kommunen i liten grad rår over. Ved å inngå fastrenteavtale på lån kan kommunen sikra seg mot deler av svingningane i finanskostnader. Ein anna faktor er å ha eit moderat låneopptak for finansiering av investeringar i kombinasjon med lang nedbetalingstid på lån, der nedbetalingstida står i samsvar med levetida for investeringane som vert gjort. Då bindes mindre deler av driftsinntektene opp til kapitalkostnader og med god økonomistyring oppnås eit høgare netto driftsresultat og mindreforbruk i drifta til avsetning på fond.

Nye låneopptak på omlag 88 mill. kroner til finansiering av investeringar ligg til grunn i økonomiplanperioden. Der må gjerast nøye vurderingar og prioriteringar om kommunen har økonomi framover i økonomiplanperioden til å gjere så store investeringar finansierte med opp mot 100 % lånefinansiering. Store låneopptak fordrar at handlingsrommet i drifta vert dramatisk redusert og eksponeringa i høve til svingningar i finansmarknaden vert høg. Den beste måten å sikre seg mot slik eksponering er å bremse opp på investeringar og etterstrebe eigenfinansiering ved investeringar og i mindre grad basera investeringane på lånefinansiering.

Disposisjonsfond - oppbygging og bruk

Økonomiske måltal gir ein indikator på kva handlingsregel kommunen bør halda seg etter og følgje. Handlingsregelen bør byggja på analyser av det heilskaplege bilete av den økonomiske situasjonen for kommunen, der fleire faktorar spelar inn. Utvikling og prognose for inntekter, både frie inntekter og andre inntekter, må tilleggjast stor vekt. Kva frie midlar kommunen har, uttrykt via disposisjonsfond, er dessutan ein viktig indikator for økonomisk handlingsrom for kommunen. Disposisjonsfond kan nyttast til finansiering av både drift og investeringar om naudsynt.

Vurderingar som er gjort i arbeidet med økonomiplanen for 2023-2026 er å sjå på dei økonomiske måltala og stetta dei krav som stilles der i størst mogleg mon. Bruk av fond i rekneskapen for 2021 og disponeringar frå disposisjonsfondet i regulert budsjett 2022 syner at disposisjonsfondet er betydeleg lågare enn måлтаlet på minimum 20 mill. kroner. I disponering av mindreforbruk i 2023 og 2024 har prioriteringa vore å auka opp disposisjonsfondet til eit nivå som stettar dei krav som er satt i måлтаlet. Det er ein alvorleg situasjon at disposisjonsfondet er så lågt som situasjonen no er, då er der liten buffer til å møte uforutsette hendingar. Dette er prioritert framfor å bruka av fondet til eigenfinansiering av investeringar i same periode. Samstundes har ikkje Valle kommune eit måltal som seier noko om eigenfinansiering av investeringar.

Utviklingstrekk i økonomiske forutsetningar

Samla sett er den økonomiske utviklingen for planperioden todelt. På den eine sida er utviklinga i rammeoverføringar moderate for Valle kommune. Når alle overføringar kjem via innlemming i rammetilskot vert Valle kommune ein tapar ved utmåling av løyvingar då tildelingane vert trekt inn via inntektsutjamninga. Utviklinga i styringsrenta til Norges bank virkar negativt inn på det økonomiske handlingsrommet til Valle kommune, då kommunen har betydeleg høgare rentekostnader enn renteinntekter.


Prognoser for utviklinga vidare går ut på at styringsrenta vil fortsette å stige fram til 2023/2024, for så å flate ut, men uvisst på kva nivå. I økonomiplanen er dette tatt hensyn til, men korleis treffet er på nivået er endå uvisst. På den andre sida er utviklinga positiv for all inntekt som relaterar seg til kraftprisar; dette gjeld særleg konsesjonskrafta og utbytte frå Agder Energi. Sjølv om endringar i inntektssystemet og fordeling gjennom rammeoverføringar ligg an til å endra seg for 2023 og kanskje noko på sikt, gjer dette samla ei auke i inntektene til kommunen som spelar sterkt inn på resultatet i økonomiplanen for 2023-2026. Samtidig ser ein også i budsjettet for 2023 og vidare i økonomiplanperioden fram til 2026 at auka driftsutgifter; særleg gjennom auka energikostnader og eit kostbart lønsoppgjør for 2022, i kombinasjon med auka pris på mange varer som kommunen konsumerer, syner att.

Utvikling i økonomiplanperioden 2023-2026

Den økonomiske situasjon for Valle kommune i komande økonomiplanperiode ser positiv ut, særleg om ein ser på utviklinga i inntekter. Fleire faktorar spelar inn, faktorar som kommunen sjølv ikkje rår over, og då særleg knytt til inntekter frå kraft. Den særeigne situasjonen som har oppstått, der inntekten frå konsesjonskraft har auka kraftig i kombinasjon med ekstraordinært utbytte frå Agder Energi, som også er grunna høge kraftprisar, gjer at Valle kommune har fått ekstraordinære inntekter på kort tids varsel. Det er då særst viktig at slike ekstraordinære inntekter ikkje vert nytta til varige auke i driftsnivå, då det vil gjer det særst krevjande å ta ned driftsnivået når inntektene går tilbake til eit meir vanleg nivå igjen, men heller byggja opp eit disposisjonsfond til fri bruk ved seinare høve.

Sjølv om økonomiplanen for 2023-2026 syner eit netto driftsresultat på 17,878 mill. kroner i 2023, 23,256 mill. kroner i 2024, 25,983 mill. kroner i 2025 og 26,846 mill. kroner i 2026 er der veldig stor uvisse knytt til store betydelege inntekter som eigedomskatt og utbytte frå Agder Energi. Grunnen er den varsla endringa i grunnrenteskatten med risiko for at desse inntektene då vert nedjustert i åra som kjem. Dette vil ikkje ha innverknad på 2023, men kan koma alt i 2024. Resultatet av handsaming av inntektssystemutvalgets rapport NOU 2022:10 i 2023 vil i verste konsekvens få innverknad på mellom anna konsesjonskraftinntektene til kommune. Eit siste element er korleis utviklinga i energiprisane og då straumprisane vil bli då dette isolert sett har stor innverknad på inntektene som nemt ovafor, og desse inntektene er betydelege for Valle kommune.

Politisk styringssystem



Formannskapet har også rolle som administrasjonsutval, då utvida med to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Møtene i kommunestyret, formannskapet, plan og miljøutvalet og levekårsutvalet er opne for publikum.

I denne perioden er mandatfordelinga i kommunestyret slik: Arbeidarpartiet: 6 medlemmer, Høgre: 2 medlemmer, Senterpartiet: 6 medlemmer, Venstre: 1 medlem


Arbeidarpartiet har ordførar og Høgre har varaordførar

Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk

I 2021 hadde Valle kommune 142,14 årsverk med 176 tilsette. I 2020 var dette talet 143,87.

Organisasjonskart



Hovudprioriteringar innan arbeidsgjevarområdet vil vere:

- Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile kommunen
- Vi skal være ein serviceorientert organisasjon med brukarane, både interne og eksterne, i fokus
- Redusere sjukefråværet i organisasjonen
- Heiltidskultur
- Rekruttering og likestilling

Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile kommunen

Eit arbeidsmiljø er summen av det som omgir ein stad der det blir utført eit arbeid. Det er summen av fleire faktorar som gjev ein arbeidsplass det arbeidsmiljøet ein har. Det er eit felles ansvar, både medarbeidarar og leiarar må i det daglege ha eit fokus på arbeidsmiljøet i kommunen.

Medarbeidarundersøkinga «Great place to work» vart gjennomført for fyrste gong våren 2017. Alle medarbeidarar i kommunen vart invitert til å gje uttrykk for opplevinga si av arbeidsmiljøet, og kva tillit dei opplever i organisasjonen. Resultata frå undersøkinga resulterte i ein handlingsplan med tiltak for å forbetre arbeidsmiljøet i kommunen. Våren 2018 og januar 2021 gjennomførte vi nye undersøkingar for å sjå om dei tiltaka som har vært gjennomført har hatt effekt på arbeidsmiljøet i organisasjonen. I undersøkinga i 2021 var det 89% av medarbeidarane som sa seg einige i påstanden «*kommunen er ein flott stad å arbeide*», mot 69% i 2017 og 82% i 2018.

HMS er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerhet for våre tilsette, og dei tenestene vi leverer. Avvikshandtering er eit viktig moment i dette arbeidet. Valle kommune nyttar Compilo som eit kvalitetssystem for handtering av avvik, og varsling. Avvik rapporterast jamnleg i Arbeidsmiljøutvalet.

Valle kommune har avtale med Medco dinHMS om levering av bedriftshelsetjenester til kommunen. Ny rammeavtale vart undertekna i desember 2020 og gjeld frå 01.01.2021. Medco dinHMS het tidlegare Lund bedriftshelsetjeneste.

Vi skal være ein serviceorientert organisasjon med brukarane, både interne og eksterne, i fokus

Valle kommune skal være ein serviceorientert organisasjon, for å oppnå dette målet er vi avhengig av kompetente og dyktige medarbeidarar. Vi treng også dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal legge til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse

Vi skal samarbeide med andre kommunar i deler av verksemda der det er føremålsteneleg. Barnevern, helse, PPT og brannvesen er nokre av dei formaliserte samarbeida vi har med andre kommunar i Setesdal.

Utfordringane i framtida krev utvikling av tenester og kompetanse. Bruk av teknologi er eit fokusområde for kommunen. Innan pleie og omsorg vil velferdsteknologi bli stadig viktigare. Medarbeidarar må ha kompetanse til å meistre dei nye digitale verktøya, og inneha evne til omstilling. Dette krev også at leiarane har den nødvendige viljen/kompetansen til å styre og leie denne omstillinga.

Redusere sjukefråværet totalt i organisasjonen

I personalpolitisk plattform og gjennom IA – avtala har Valle kommune satt seg som mål, og forplikta seg til, å være ein helsefremjande og inkluderande arbeidsplass. Dette betyr at vi skal drive meir med førebyggjande arbeid, blant anna skal vi følge opp måla i IA – avtala, og som nemnd over, resultata frå medarbeidarundersøkinga. Kommunen har fokus på dette, og er i gong med å byggje opp eit systematisk arbeid rundt førebygging av sjukefråvær, blant anna å revitalisere “Møteplassen”, som er ein tverretatleg oppfølgingsarena, samansett av kommunen, NAV, bedriftshelsetenesta og fastlege, for å følge opp og forebygge sjukefråvær. Organisasjonen har eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta Medco dinHMS. Bedriftshelsetenesta deltek i alle møta i Arbeidsmiljøutvalet, og blir og sett inn for å finne mogleg tiltak i einingar som har høgt sjukefråvær.

Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Auka nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og betre arbeidsmiljø. I 2020 og 2021 var sjukefråværet i kommunen på høvesvis 6,36 % og 9,32 %. Sjukefråværet svingar noko frå år til år, og frå eining til eining. I 2021 hadde vi ein auke i sjukefråværet, noko som heng saman med at langtidssjukefråværet var høgt på enkelte einingar. Det er sett inn tiltak for å prøve å redusere langtidssjukefråværet, til dømes å involvere bedriftshelsetenesta

meir i barnehagane for å vurdere om det kan gjerast meir når det gjeld organisering og tilrettelegging for å førebyggje sjukefråvær. Auka fokus på nærvær, samt meir involvering av bedriftshelsetenesta/tillitsvalte/verneombod/HR, vil kunne ha ein positiv effekt på fråværet. Korttidsfråværet i 2021 var på 0,70 %. Valle kommune har eit mål om at det samla sjukefråværet ikkje skal vere på over 5%.

Sjukefråvær:

20	20	20	20	20	20	20	20	20	20
12	13	14	15	16	17	18	19	20	21
6,8	6	7,4	7,3 2	7,6 9	5,8 6	5,9 8	8,5 2	6,3 6	9,3 2

Heiltidskultur

Både for arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane vil arbeidet med heiltid og heiltidskultur bli eit sentral samarbeidsområde framover. Deltid kan være ei utfordring både når det gjeld arbeidsmiljø, rekruttering, tenestekvalitet og når det gjeld likestilling. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har jamnleg dialog når det gjeld problemstillinga, for saman å sjå på tiltak og strategiar for å redusere deltid i kommunen. Arbeidsgjevar informerer og drøftar prinsippa for bruk av deltidstillingar formelt ein gong i året i samsvar med §2.3 i Hovudtariffavtala. Omtrent 55% av arbeidsstokken arbeidar i dag deltid. Talet på kvinner som arbeider deltid er vesentlig høgare enn talet på menn i deltid. Dette vil være ein kombinasjon av frivillig og ikkje frivillig deltid.

Rekruttering og likestilling

Valle kommune har i dag relativt få søkjarar til ledige stillingar. Dette er ei nasjonal utfordring, og då spesielt i distrikta. For kommunen vil det bli avgjerande å sjå på konkrete tiltak for å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft. September 2022 var arbeidsløysa på under 1.4 % i Valle, og det er svært lågt samanlikna med resten av Agder.

[Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald er eit av fleire satsingsområde i](#)

[Agderregionen](#). Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Valle kommune skal ha ei bevisst haldning til desse momenta når vi rekrutterer.

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. I leiargruppa er også majoriteten kvinner. Når vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det ei stor utfordring å få til ein god kjønnsbalanse i arbeidstokken.

For å behalde kompetanse, og då spesielt seniorar, har det vore viktig for kommunen å ta i bruk ulike verkemiddel for å motivere tilsette til å stå lenger i arbeid. Valle kommune skal legge til rette for tilsette slik at arbeidstakaren kan stå i arbeid lenger. Dette kan dreie seg om endring av arbeidsoppgåver,

diverse hjelpemidlar m.m. Vi tilbyr også lønstillegg eller fridagar til tilsette etter fylte 62 år. I lokale lønsforhandlingar 2021 vart det gitt eit lønstillegg for dei med 18 års ansiennitet eller meir.

Folketal

Innhald under omtalar både historisk folketalutvikling og folketalframskriving/prognose

Folketalutvikling

Folketalutvikling 2011-2021

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Folketal ved inngangen av kvartalet	1 284	1 293	1 277	1 244	1 252	1 242	1 246	1 225	1 156	1 164	1 169
Født	8	9	8	4	9	15	7	11	10	7	14
Døde	21	12	18	13	17	12	18	16	7	14	17
Fødselsoverskudd	-13	-3	-10	-9	-8	3	-11	-5	3	-7	-3
Innvandring	7	12	12	10	15	21	18	3	5	7	7
Utvandring	2	0	3	1	8	2	6	5	4	0	2
Innflytting, innenlands	49	48	46	39	47	39	42	43	48	44	64
Utflytting, innenlands	33	73	52	58	55	57	64	105	46	39	66
Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring	21	-13	3	-10	-1	1	-10	-64	3	12	3
Folkevekst	9	-16	-7	-19	-9	4	-21	-69	8	5	0
Folketalet ved utgangen av kvartalet	1 293	1 277	1 270	1 251	1 242	1 246	1 225	1 156	1 164	1 169	1 169

Folketalutviklinga dei seinste åra har hatt ein negativ trend, som har ført til at det totale folketalet i kommunen over tid har gått ned. I 2011 var innbyggartalet 1293 i siste kvartal, medan i ein såg ein botn i 2018 der folketalet var nede i 1156 innbyggjarar. I 2019 og fram til og med fjerde kvartal 2021 er der ingen store endringar av betydning for folketalet samla sett. Ved utgangen av fjerde kvartal 2021 er der

1169 innbyggjarar i Valle kommune. Det er gledelig å merke seg at fødselstalet, 14 personar fødte, til og med fjerde kvartal 2021, er nesten like høgt som "rekordåret" 2016, då der vart fødd 15 barn. Elles er det og verdt å merke seg at det berre ved to høve, 2016 og 2019, er fødd fleire enn det har døydd. Dersom denne trenden held fram, vil ein vere avhengig av positive tal for nettoinnflytting som då er større enn fødselsunderskotet for at folketalet skal auke.

Det største fallet i innbyggartal fann stad i 2018. Nedgonga frå 2017 – 2018, frå 1225 til 1156 innbyggjarar, var på heile 69 personar. Majoriteten av desse var flyktningar og deira familiar. Grunnen til denne flyttinga var at mange av dei vaksne flyktningane hadde kvalifisert seg for vidare utdanning på vidaregegåande skule.

Nettoinnflyttinga (*) har sidan 2012 stort sett vore negativ, kun med eit par unntak. Men i 2019 og 2020 var der ei positiv tilflytting på høvesvis 3 og 12 personar. Også i 2021 var der ei positiv tilflytting på 3 personar. Fødselsoverskotet i 2021 (skilnaden mellom antal fødte barn og døde) er på - 3 personar. I sum korkje auka eller minka folketalet i 2021 - der var 1169 registrerte innbyggjarar - akkurat som i 2020.

***Nettoinnflytting** er antal personar som har flytt inn til en kommune, minus antal personar som har flytt ut. Både innanlands flytting og innvandring og utvandring blir rekna med. Positive og negative verdiar blir kalla høvesvis **nettoinnflytting** og **nettoutflytting**.

Folketalsutvikling 2012-2022, fordelt på aldersgrupper (pr. 1.januar)

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
0 - åringar	9	9	9	3	7	15	7	8	10	8	13
Barnehage (1-5 år)	65	63	53	55	47	47	57	48	44	49	54
Grunnskole (6-15 år)	167	154	155	153	149	151	146	130	129	117	112
Videregående (16-19 år)	76	79	83	68	78	71	67	57	53	56	52
Voksne (20-66 år)	769	769	763	764	755	746	724	685	689	692	679
Eldre (67-79 år)	130	127	137	138	141	153	167	168	173	185	199
Eldre (80-89 år)	61	60	56	57	44	44	42	44	50	48	48
Eldre (90 år og eldre)	16	16	14	13	21	19	15	16	16	14	12
Total	1 293	1 277	1 270	1 251	1 242	1 246	1 225	1 156	1 164	1 169	1 169

Av tabellen ovanfor ser ein at utviklinga for nokre aldersgrupper peikar seg meir ut enn andre i perioden 2012-2022. Her har me valt å peike på fylgjande utvikling i perioden:

- Grunnskule 6-16 år: Reduksjon frå 167 - 112.
- Vaksne 20-66 år: Reduksjon frå 769 - 679
- Eldre 67-79 år: Auke frå 130 - 199

Folketalsutvikling 2011-2021, fordelt på aldersgrupper - målt i prosent

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
0 - åringar	100 %	69 %	69 %	69 %	23 %	54 %	115 %	54 %	62 %	77 %	62 %
Barnehage (1-5 år)	100 %	103 %	100 %	84 %	87 %	75 %	75 %	90 %	76 %	70 %	78 %
Grunnskole (6-15 år)	100 %	100 %	92 %	93 %	92 %	89 %	90 %	87 %	78 %	77 %	70 %
Vgs. (16-19 år)	100 %	96 %	100 %	105 %	86 %	99 %	90 %	85 %	72 %	67 %	71 %
Voksne (20-66 år)	100 %	102 %	102 %	101 %	101 %	100 %	99 %	96 %	90 %	91 %	91 %
Eldre (67-79 år)	100 %	106 %	103 %	111 %	112 %	115 %	124 %	136 %	137 %	141 %	150 %
Eldre (80-89 år)	100 %	95 %	94 %	88 %	89 %	69 %	69 %	66 %	69 %	78 %	75 %
Eldre (90 år og eldre)	100 %	89 %	89 %	78 %	72 %	117 %	106 %	83 %	89 %	89 %	78 %
Total	100 %	101 %	99 %	99 %	97 %	97 %	97 %	95 %	90 %	91 %	91 %

Tabellen ovanfor inneheld same talmaterialet som i tabellen, "Folketalsutvikling 2012-2022, fordelt på aldersgrupper (pr. 1. januar)", men no målt i prosent og ikkje i antal. Utgangspunktet er 2011 der alle aldersgruppene er målt til 100 %. Folketalsvekst 2011 - 2021 syner oppgong/nedgong i kvar aldersgruppe målt i prosent i perioden. Nokre funn i tabellen over:

- Totalt folketal: Frå 100 % - 91 %: Reduksjon på 9 %
- Eldre (67-79 år): Auke 100 % - 150 %: Auke på 50 %
- Alle andre aldersgrupper: Reduksjon til mellom 62 % - 91 %

Folketalsprognose

Folketal – aldersgrupper

Tabellen/prognosa viser folketal per år inndelt etter aldersgrupper - 25 år fram i tid

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0 - åringar	13	10	10	11	10	10
Barnehage (1-5 år)	54	53	59	59	59	58
Grunnskole (6-15 år)	112	103	118	120	120	120
Videregående (16-19 år)	52	56	38	43	46	48
Voksne (20-66 år)	679	648	625	597	574	560
Eldre (67-79 år)	199	213	194	174	175	175
Eldre (80-89 år)	48	75	96	119	114	97
Eldre (90 år og eldre)	12	8	13	21	32	42
Total	1 169	1 166	1 153	1 144	1 130	1 110

Med bakgrunn i den positive nettoinnflyttinga til kommunen siste 3 år, som vart omtalt under den historiske folketalsutviklinga, og at ein er kjend med at den nasjonale veksten er låg, er det her vald ei type folketalsprognose som tar utgangspunkt i "låg nettoinnvandring". Prognosa søkjer å sjå 25 år fram i tid.

Folketalet ser ut til å avta noko over tid, prognosa spår at me kan bli omlag 60 færre innbyggjarar i Valle kommune dei neste 25 åra med dei føresetnadene som er sett for denne prognosa.

I denne prognosa ser ein at ein kan forvente den største auken i aldersgruppa 80 - 89 år fram mot 2027 - ei auke på 27 personar. Det vil og bli ei auke for aldersgruppa 67 - 79 år i perioden fram mot 2027 - ein auke på 14 personar. Over tid vil også gruppa 90 år og eldre auke, men slik det er framstilt i prognosa vil ikkje det skje før omkring 2037 og frametter.

Den store eldrebølga, om ein tar utgangspunkt i denne prognosa, og aldersgruppene 80-89 år og eldre over 90 år, vil slå inn rundt 2037 og framover. Den største toppen vil bli rundt 2042. I 2022 er der 60 personar som er 80 år eller eldre, i 2027 vil denne aldersgruppa telje 83 personar, i 2032 vil denne aldersgruppa telje 109 personar, i 2037 vil denne aldersgruppa telje 140 personar og i 2042 vil denne aldersgruppa telje 146 personar - altså 2,4 gonger fleire enn i dag.

For aldersgruppa 1 - 5 år syner denne prognosen at der ikkje vil bli store endringar fram i tid, likeins for gruppa 6 - 15 år.

Prognosa syner og at over tid er trenden i høve folketalsutviklinga negativ - altså at det blir færre innbyggjarar i Valle i framtida. I 2046 er der stipulert at det blir omlag 60 færre innbyggjarar enn der er i dag.

Tabellen/prognosa viser folketal per år inndelt etter aldersgrupper - 4 år fram i tid

	2022	2023	2024	2025	2026
0 - åringar	13	10	10	10	10
Barnehage (1-5 år)	54	52	55	55	55
Grunnskole (6-15 år)	112	114	104	100	97
Videregående (16-19 år)	52	54	57	56	58
Voksne (20-66 år)	679	666	660	669	655
Eldre (67-79 år)	199	204	215	206	215
Eldre (80-89 år)	48	60	59	66	70
Eldre (90 år og eldre)	12	12	11	8	8
Total	1 169	1 172	1 171	1 170	1 168

Tabellen ovanfor har eit meir kortsiktig perspektiv/prognose enn tabellen ovanfor, denne tabellen/prognosa syner utvikling i folketal i økonomiplanperioden - altså fram til 2026. Med eit kortare tidsperspektiv på prognosa, er det også større sannsyn for at talmaterialet i prognosa høver med røynda.


Det ser ut til at barnetalet i barnehagen vil halde seg stabilt på rundt 55 barn i perioden, medan barnetalet i grunnskulen vil reduserast frå 112 - 97 elevar - ein nedgong på 15 elevar.

Vaksne i aldersgruppa 20 - 66 år har framleis nedgong, frå 679 - 655 - ein nedgong på 24 personar.

Slår ein saman alle dei eldste aldersgruppene frå 67 år til 90 år og eldre utgjer denne gruppa 259 personar i 2022. I 2026 vil denne gruppa utgjere 293 personar - ein auke på heile 34 personar. I denne store samanslåtte gruppa, er gruppa "eldre 80 - 89 år. Denne gruppa åleine vil auke frå 48 personar i 2022 til 70 personar i 2026 - ein auke på 22 personar. Frå 2022 - 2023 vil denne gruppa auke med 12 personar.


Næring og sysselsetting

Endringar i talet på sysselsette personar etter bustad per 4. kvartal 2012 - 2021



I tabellen over ser ein at der har vore ei nedgang i antall syssette personar i Valle kommune frå 2012 (700) til og med 2018 (606). Frå 2018 - 2021 har der vore ein auke i syssette personar frå 606 - 646 personar.

Endringar i talet på syssette personar etter arbeidsstad per 4. kvartal 2012 - 2021



I perioden frå 2012 – 2021 har det vore ei betydeleg nedgang i arbeidsplassar i Valle kommune. I sum har det vore ei nedgang på 89 arbeidsplassar, som svarar til ei nedgang på 14 %.

I 2012 var det 649 arbeidsplassar i kommunen, men trenden i tabellen over syner at talet på arbeidsplassar over tid har ei negativ kurve. Frå 2018 og fram til i dag har der vore eit gjennomsnitt på

557 arbeidsplassar i kommunen, og det ser ut til at antalet arbeidsplassar har stabilisert seg i denne perioden.

Kva arbeider innbyggjarane med?

Sysseletete personar etter arbeidsstad og næring										
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Jordbruk, skogbruk og fiske	39	34	34	36	40	38	35	35	39	39
Bergverksdrift og utvinning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Industri	33	40	37	38	42	38	38	33	30	30
Elektrisitet, vann og renovasjon	36	39	38	38	33	35	33	33	35	30
Bygge- og anleggsvirksomhet	117	122	128	137	130	120	107	110	119	107
Varehandel, reparasjon av motorvogner	58	66	67	54	52	52	51	47	55	52
Transport og lagring	6	6	6	7	10	15	18	13	9	4
Overnattings- og serveringsvirksomhet	21	14	12	12	18	15	12	22	15	20
Informasjon og kommunikasjon	0	0	0	0	0	0	0	0	0	3
Finansiering og forsikring	19	16	15	15	15	14	14	15	15	16
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	12	12	12	15	12	6	12	12	6	9
Forretningsmessig tjenesteyting	14	7	11	11	17	9	10	10	11	11
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	50	51	50	43	49	48	44	43	44	42
Undervisning	56	54	50	52	59	68	59	56	57	50

Helse- og sosialtjenester	145	131	119	110	102	91	90	88	97	111
Personlig tjenesteyting	34	32	34	13	22	36	26	29	32	28
Uoppgitt	9	8	6	16	12	11	6	9	4	8
Sum	649	632	619	597	613	596	555	555	568	560

For fyrste gong ser me at den største næringa no er "Helse og sosialtenester" med 111 sysselsette personar, ein oppgang på 12 frå året føre. "Bygg og anlegg" har framleis ein stor andel sysselsette, men må i 2021 sjå seg forbigått av "Helse og omsorgstenester". Bygg og anlegg - næringa har ei nedgong frå 119 til 107 sysselsette personar, ei nedgong på 12 frå året føre. Sektoren "Undervisning", som no er den fjerde største næringa med 50 sysselsette personar, har ei nedgong på 7 personar, og må i 2021 sjå seg forbigått av "Varehandel, reparasjon av motorvogner" som no er blitt den tredje største næringa med 52 sysselsette personar. "Varehandel, reparasjon av motorvogner" har og hatt ei nedgong på 3 personar, men nedgonga er likevel så liten at næringa no er større enn "Undervisning."

Kommunen sine tenesteområde

Politisk styring

Skildring av dagens verksemd

Rammeområde omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter i samband med møte osv.

Politisk sekretariat vert ivareteke av rådgjevar direkte underlagt kommunedirektør. Politisk sekretariat har sekretærfunksjon for samtlege styre, råd og utval.

Årsverk tilsette

Ordførar har 80% løn

Varaordførar har 15% løn

Leiar plan- og miljøutvalet har 10% løn

Leiar levekårsutvalet har 10% løn

Overordna mål

Ha ei klar rollefordeling mellom folkevalde og administrasjon.

Dei folkevalde skal

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

- Ha fokus på framtid, heilskap og prinsipp
- Avgjere kva kommunen skal gjere; prioritere og fastsetje mål
- Fatte klare og realistiske vedtak
- Vere ombod for innbyggerane
- Vere ein god arbeidsgjevar
- Føre kontroll med administrasjonen

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett		3 045	3 045	3 045	3 045
Konsekvensjustert ramme		3 045	3 045	3 045	3 045
Nye tiltak					
Saldering ramme/årsbudsjett	Politisk styring	225	225	225	225
Sum Nye tiltak		225	225	225	225
Nye tiltak og realendringer budsjett		225	225	225	225
Ramme 2023-2026		3 270	3 270	3 270	3 270

Utval

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett		2 945	2 945	2 945	2 945
Sum Vedtak forrige periode		5	5	5	5
Konsekvensjustert budsjett		5	5	5	5
Konsekvensjustert ramme		2 950	2 950	2 950	2 950
Nye tiltak					
Saldering ramme/årsbudsjett	Politisk styring	225	225	225	225
Sum Nye tiltak		225	225	225	225
Nye tiltak og realendringer budsjett		225	225	225	225
Ramme 2023-2026		3 175	3 175	3 175	3 175

Ordførar

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett		100	100	100	100
Sum Vedtak forrige periode		-5	-5	-5	-5
Konsekvensjustert budsjett		-5	-5	-5	-5

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Konsekvensjustert ramme	95	95	95	95
Ramme 2023-2026	95	95	95	95

Kommunedirektøren

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	4 490	4 490	4 490	4 490	
Konsekvensjustert ramme	4 490	4 490	4 490	4 490	
Nye tiltak					
Auke stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid	Kommunedirektøren	500	500	500	500
Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Kommunedirektøren	100	100	0	0
Saldering ramme/årsbudsjett	Kommunedirektøren	-200	-350	-350	-350
Sum Nye tiltak		400	250	150	150
Nye tiltak og realendringer budsjett		400	250	150	150
Ramme 2023-2026		4 890	4 740	4 640	4 640

Administrasjon

Skildring av dagens verksemd

Rammeområdet omfattar kommunedirektøren sine oppgåver innan administrasjon av verksemda. Kommunedirektøren er den øvste leiaren for kommuneadministrasjonen, med dei unntak som fylgjer av lov, og innafør dei rammer kommunestyret fastset. I tillegg ligg funksjonane skulefagleg ansvarlig, barnehagemynde og rådgjevar med ansvar for politisk sekretariat, kommunikasjon/informasjon og digitalisering under området.

Leiarane for dei enkelte tenesteeiningane utgjer saman med kommunedirektøren leiargruppe i kommunen.

Årsverk tilsette

- Kommunedirektør 100 % stilling
- Skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde 100 % stilling, av dette er 20 % finansiert gjennom eksterne/interne oppgåver
- Rådgjevar 100 %

Overordna mål

Mål henta frå samfunnsdelen i gjeldande kommuneplan:

- Valle kommune skal vere ein framtidsretta samfunnsutvikler.
- Valle kommune skal vere ein serviceorientert tenestetytar med brukarane i fokus.
- Valle kommune skal vere eit truverdig forvaltningsorgan.

Kommunedirektøren (administrasjonen) skal:

1. lojalt setje politiske vedtak ut i livet
2. innafor kommunestyret sitt fastlagte rammer avgjere korleis oppgåvene skal gjennomførast
3. leggje fram grunnlag for gode avgjersler
4. forvalte lovar og reglar
5. fatte enkeltvedtak

Strategi for å oppnå overordna mål

- ha kompetente og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal leggje til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse
- skape ein utviklingsorientert organisasjon der digitalisering og gevinstrealisering er vektlagt
- brukarmedverknad
- samarbeid med andre kommunar
- vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer, med kompetanseutvikling og -deling gjennom læring i det daglege arbeidet
- ha fokus på nærleik og helsefremjande arbeidsplassar. Arbeide for å ha eit lågt sjukefråvære gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråvær og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom

Tiltak for å nå måla

I 2023 legg kommunedirektøren dei ovanfor nemnde strategiane til grunn for arbeidet med å nå overordna mål, og vil prioritere m.a. desse tiltaka:

- Vidareutvikle og styrkje arbeidet med heilskapleg verksemdsstyring
- Styrkje kompetansen og ressursbruken knytt til kommunikasjon, internt og eksternt
- Gjennomgå interkommunale samarbeidstiltak for å sikre heilskapleg styring, utvikling og kontroll av den samla kommunene tenesteytinga
- Byggje vidare på kompetanseprogrammet i regi av Digi Agder som gjeld digital transformasjon i kommuneverksemda

Utfordringar

Små kommunar er under aukande press som fylgje av demografiske endringar med låge fødselstal og fleire eldre, reduserte overføringar gjennom inntektssystemet, uvisse knytt til framtidig inntektsgrunnlag (kraftinntekter og eigedomskatt), nye oppgåver og auka statleg detaljstyring, og sterkare rettighetslovgjeving. For Valle kommune sin del er utviklinga i fleire av dei viktigaste inntektskjeldene ikkje knytte til den generelle løns- og prisveksten. I tider med høg prisvekst gjev dette ei ekstra utfordring. Det er heile tida press på inntektssystemet og kraftinntektene våre, jf. framlegg frå inntektsutjamningsutvalet i august og statsbudsjettet no i haust der ekstraordinært høge inntekter frå sal av konsesjonskraft medfører trekk i rammetilskotet.

Rekrutteringsutfordringane gjeld på tvers av tenesteområdene kommunen har ansvaret for.

Strategi for utfordringane

- Fokus på effektivisering
- Interkommunalt samarbeid - fokus på styring og kontroll
- Kvalitet i verksemdsstyringa
- Rekrutteringsstrategi
- Styrkje omdømmebygging og kommunikasjon
- Systematisk kompetanseutvikling

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	4 422	4 422	4 422	4 422	
Konsekvensjustert ramme	4 422	4 422	4 422	4 422	
Nye tiltak					
Auke stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid	Kommunedirektøren	500	500	500	500
Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Kommunedirektøren	100	100	0	0
Saldering ramme/årsbudsjett	Kommunedirektøren	-200	-350	-350	-350
Sum Nye tiltak		400	250	150	150
Nye tiltak og realendringer budsjett		400	250	150	150
Ramme 2023-2026		4 822	4 672	4 572	4 572

Nye tiltak

Auke stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid

For å styrke kommunikasjonsarbeidet i kommunen ønskjer kommunedirektøren å etablere eit samarbeid med Bykle kommune om å dele stillinga Bykle har som kommunikasjonsrådgjevar. Det er semje på administrativt nivå kommunene i mellom om eit slikt samarbeid.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Oppfølging av heilskapleg plan for oppvekst og førebyggjande arbeid. Kan dekke delar av 20%-stillinga til skulefagleg ansvarleg. Kommunen er pålagt å delta i Kompetanseløftet som gjer kommunen i stand til å handtere situasjonen etter 2025 når Statped har overført ein del av oppgåvene sine til kommunalt nivå.

Beredskap

Skildring av dagens verksemd

Ansaret for beredskapsarbeidet er lagt til kommunedirektør, som også er leiar i kriseleiinga. Arbeidet med beredskap er todelt. Ein førebyggjande del som inneber ROS-analyse og utarbeiding av nødvendige planverk for å handtere uynskte hendingar. Den andre delen er sjølv handteringa av kriser og uynskte hendingar. Dei siste åra har pandemien og konsekvensar av krigen i Ukraina prega beredskapsarbeidet.

Årsverk tilsette

Det er eigen beredskapsrådgjevar tilsett på teknisk, men stillingsstorleiken nytta til beredskapsarbeidet varierer etter behovet. I tillegg utgjør beredskapsarbeidet ein del av stillinga til dei faste deltakarane i kriseleiinga; kommunedirektør, leiar pleie og omsorg, rådgjevar kommunedirektøren sin stab, kommuneoverlege, ordførar.

Overordna mål

Frå samfunnsdelen i kommuneplanen:

- Ivareta samfunnssikkerheit i all planlegging og sjå til at det er god beredskap mot kriser og uønskete hendingar

Strategi for å oppnå overordna mål

- Oppdaterte ROS-analyser og planverk
- Interkommunalt samarbeid
- Øving og evaluering

Utfordringar

Det har synt seg at kommunane handterer beredskap og kriser bra, noko m.a. pandemien har synt. Ei utfordring små kommunar har kan ofte vere å ha tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet i handteringa av informasjon og kommunikasjon, eit svært sentralt fagfelt i beredskapsarbeid og krisehandtering.

Strategi for utfordringane

Interkommunalt samarbeid med Bykle kommune der ein deler på ei stilling som kommunikasjonsrådgjevar.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	69	69	69	69
Konsekvensjustert ramme	69	69	69	69
Ramme 2023-2026	69	69	69	69

Næring

Skildring av dagens verksemd

Frå og med mai 2022 er det oppretta ei 100% stilling som plan- og næringsrådgjevar i teknisk eining. Denne funksjonen har ansvaret for oppfølginga av arbeidet med næringsutvikling. Næringsrådgjevaren utgjør saman med leiar for teknisk og kommunedirektøren teamet som fylgjer opp nærings saker.

Nye retningslinjer for næringsfondet vart iverksett 01.01.2021.

Frå 2022 er det innført regelmessige møtepunkt med styret i Valle Næringslag. Det er gjennomført kvartalsvise frokostmøte med aktuelle tema for heile næringslivet.

Årsverk tilsette

Det er øyremerkt ei 50% stilling til næringsarbeidet, som del av ei heil stilling som plan- og næringsrådgjevar.

Overordna mål

- Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handverk og naturbaserte verksemder står sterkt.
- Valle kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland).

Strategi for å oppnå overordna mål

Kommunen skal trygge eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nye arbeidsplassar ved å:

1. stimulere og vidareutvikle arbeidsplassar innan:

- kultur og handverk
- kraftsektoren
- naturbasert næringsliv, til dømes innan bratt friluftsliv
- landbruket, ved å auke lokal verdiskaping gjennom å vidareutvikle mat - og landbruksprodukt

2. stimulere til nyskaping ved å:

- stimulere til entreprenørskap blant barn og unge
- etablere ein utviklingskultur der det er lov å feile

3. utvikle eksisterande og nye område for fritidsbustader gjennom strategisk arealpolitikk ved å:

- framleis ha Brokkeområdet som Valle sitt hovudsatsingsområde for fritidsbusetting og vintertilbod
- utvikle Bjørnevatnområdet i samsvar med kommunedelplan frå 2008
- vere open for å bygge fritidsbustader i andre område der forholda ligg til rette for dette
- legge til rette for fritidsbustader som "second homes". Dette for å ha størst mogleg bruk av fritidsbustaden.
- prioritere fritidsbustader som ligg slik at ein kan nå andre tilbod/service/aktivitetar - auka marknad for næringslivet og større sosiale nettverk.

4. legge til rette for eit aktivitetstilbod som er attraktivt heile året ved å:

- konsentrere seg om nokre viktige aktivitetstilbod. viktig for både reiselivsnæring og bruk av private hytter
- legge til rette for ulike aktivitetstilbod, til dømes "bratte" aktivitetar, terrengsykling med meir
- utnytte eksisterande aktivitetstilbod betre. Vurdere om kommunale anlegg kan vere opne for publikum i helger og feriar (idrettshall, symjehall) Dette vil gje Valle kommune auka konkurransekraft og bidra til ei positiv utvikling

5. arbeide aktivt for heilårsveg Brokke – Suleskard,

- noko som vil gje tilgjenge til ein stor marknad der vi vil vere konkurransedyktige

6. styrke og utvikle eksisterende sentrum

- vidareutvikle stadkvalitetane i sentrumsområda for å styrke trivsel og handel

Utfordringer

Kontrollutvalet tinga for ei tid tilbake ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med næringsutvikling. Rapporten frå revisjonen vart handsama i kontrollutvalet og kommunestyret i vår, og kommunedirektøren fekk frist til 1.11.2022 med å melde tilbake korleis tilrådingane i rapporten skulle fylgjast opp:

- Tydeleggjing av ansvar og organisering for næringsarbeidet
- Konkretisering og operasjonisering av overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Gjennomgang av vedtekter og retningslinjer for næringsfondet

Det fyrste punktet er fylgd opp, medan dei to siste må prioriterast neste år.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	3 035	3 035	3 035	3 035	
Konsekvensjustert ramme	3 035	3 035	3 035	3 035	
Nye tiltak					
ENØK-tilskot	Næring	1 000	0	0	0
Næringsplan	Næring	150	0	0	0
Saldering ramme/årsbudsjett	Næring	358	358	358	358
Sum Nye tiltak		1 508	358	358	358
Nye tiltak og realendringer budsjett		1 508	358	358	358
Ramme 2023-2026		4 543	3 393	3 393	3 393

Næring

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	3 035	3 035	3 035	3 035	
Konsekvensjustert ramme	3 035	3 035	3 035	3 035	
Nye tiltak					
ENØK-tilskot	Næring	1 000	0	0	0
Næringsplan	Næring	150	0	0	0
Saldering ramme/årsbudsjett	Næring	358	358	358	358
Sum Nye tiltak		1 508	358	358	358
Nye tiltak og realendringer budsjett		1 508	358	358	358
Ramme 2023-2026		4 543	3 393	3 393	3 393

Nye tiltak

ENØK-tilskot

ENØK-basert tilskot næringsaktørar basert på søknad. Tilskotet er tenkt at utbetaling vert gjort etter søknad basert på regelverk/retningsliner som må utarbeidast før ordninga trer i kraft.

Ubrukt avsetning i 2023 vert ved årsoppgjør satt av til bunde fond for bruk til same føremål eit anna år.

Bakgrunnen er at kommunen vert ein bidragsytar for investeringar i ENØK-tiltak som kan spare energi og dermed kostnader, og slik styrke den langsiktige konkurransevna til verksemdene.

Næringsplan

Kommunerevisjonen gjennomførte på oppdrag frå kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon på næringsområdet. Rapporten vart handsama av kontrollutvalet og kommunestyret i juni 2022. Eitt av funna og tilrådingpunkta var at dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel må konkretiserast og operasjonaliserast i større grad. Kommunedirektøren legg difor opp til at det vert starta opp ein prosess saman med næringslivet for å utarbeide ein næringsplan som i sterkare grad koplar kortsiktige mål og tiltak med dei langsiktige perspektiva. I tillegg er det eit godt høve til å setje næringsutvikling på dagsorden. Ein legg til grunn at det er behov for å setje av midlar til ekstern bistand i planprosessen.

Kultur, bibliotek

Skildring av dagens verksemd

Lovpålagde tenester i eininga [Kultur og fritid](#) er [kulturskule](#) og [bibliotek](#). Andre tenester og oppgåver er fritidsklubb, bygdekino, familiebadning, div. arrangement og aktivitetar, samt generell kulturdrift og sakshandsaming. Dei lovpålagde tenestene og hovudoppgåvene til kultur, fritid og bibliotek er heimla i *Kulturlova, Lov om folkebibliotek og Opplæringslova*.

Kulturdrift:

Omfattar noko sakshandsaming (kulturmidlar, kulturprisen, utviklingsstipend for ungdom, faste tilskott), samarbeid med og bistand til frivillige lag og organisasjonar (særleg knytt til arrangement), nettverkssamarbeid, div. prosjekt (folkemusikkprosjektet Gorrlaus, Prestefossen tursti), innhald og inventar i kulturbygga, deltaking i planarbeid, organisering av 17.mai, Den kulturelle spaserstokken, drift av karbonoksidet [Kultur i Valle](#) m.m.

Leiar kultur og fritid er prosjektleiar for folkemusikkprosjektet Gorrlaus, eit opplærings- og formidlingsprosjekt retta mot barnehage og grunnskule i Bygland, Valle og Bykle, og skal nytte inntil 20 % av si stilling på UNESCO-relatert arbeid.

Valle kulturskule:

Kulturskule er ei lovpålagt kommunal teneste, plassert under Opplæringslova. [Valle kulturskule](#) gir eit breitt og svært variert tilbod innaføre song, klassiske og rytmiske instrument og folkemusikk. Dei siste åra har vi hatt ei stor auke i talet på elevar.

Opne tilbod utan deltakaravgift:

- babysong
- barnehagekor

- musiseringsgruppe for elever i SFO (Musikkarusellen)
- allsongstund for vaksne
- musikkstunder på Valle bygdeheim

I tillegg arrangerer kulturskolen egne konsertar og samarbeider med Bykle om UKM (Ung Kultur Møtast), og elevane deltek med kulturinnslag ved ulike høve gjennom året.

Det blir jobba mykje på tvers av avdelingane kulturskule - ungdomsarbeid - bibliotek.

Leiar kultur og fritid er rektor for kulturskolen (30 % stillingsressurs). Frå og med skuleåret 2023-2024 samarbeider kommunene Bygland, Valle og Bykle om ei interkommunal 3-årig prosjektstilling innaføre folkemusikk. Valle kommune er vertskommune, og Leiar kultur og fritid er prosjektleiar.

Bibliotek:

[Valle bibliotek - Sæbyggjen](#) opna i september 2018. Meirope (sjølvbetjent) bibliotek vart aktivert i oktober 2019. Biblioteket er også ein møteplass og arrangementsarena, og ungdomsavdelinga (hemsan) er mykje i bruk. Biblioteket romer i tillegg eit eige rom dedisert til forfatteren Paal-Helge Haugen, og ei fast minneutstilling etter Torleiv H. Bjørgum. Biblioteket er mykje nytta av frivillige lag og organisasjonar.

Biblioteket er ope måndag-fredag kl. 10-16, utvida åpningstid kl. 16-18 for ungdomar onsdag, og kveldsope for alle til kl. 18 torsdagar. I tillegg er det laurdagsope om lag ein gong i månaden, då gjerne i samarbeid med kulturskolen eller andre.

Biblioteket har også funksjonen turistinformasjon, og har utvida opningstider heile sommaren, då også sentralbordet/velkomstsenter er i Sæbyggjen.

Valle ungdomsklubb:

[Ungdomsklubb \(8.-10-trinn\) og juniorklubb \(5.-7.trinn\)](#) annakvar veke. Arrangement, aktiviteter og turar nokre gong i løpet av året i tillegg - som til dømes samarbeid med kulturskolen om UKM (Ung Kultur Møtast), laurdagsope i kultursenteret, juleball m.m.

Bygdekino:

Annakvar veke gjennom skuleåret. Generelt god oppslutning i forhold til folketalet. Nedgang i besøkstal når fast vintersportsaktivitet startar opp, og i mai/juni, når ein del andre aktivitetar har ein topp.

Familiebading og fritidssymjing:

[Familiebading og fritidssymjing](#) er eit lågterskeltilbod for barnefamiliar, ungdomar og vaksne. Det er opent basseng og badstove tysdagar kl. 16-21 i perioden oktober-medio mai. I tillegg er bassenget ope dersom Kultur og fritid t.d. har laurdagsope hall, UKM aktivitetsdag o.l.

Årsverk tilsette

Totalt antal årsverk Kultur og fritid er 4,30, altså 430 % stilling.

Kulturdrift:

Leiar: 1,0

Ungdomsklubb og ungdomsarbeid:

Ungdomsarbeidar: 0,50 (pluss 0,10 knytt til ungdomsarbeid i biblioteket)

Assistent ungdomsklubb: 0,06

Kulturskule:

Lektor, fast tilsett: 1,0

Lærer, folkemusikk: 0,10 (går inn i interkommunal prosjektstilling neste skoleår)

Interkommunal prosjektstilling innføre folkemusikk fom. skuleåret 2023-2024: 0,33 %

Bibliotek:

Biblioteksjef 1,0

Bibliotekassistent: 0,16

Ungdomsarbeidar: 0,10

Badevakt:

0,10

Kinovakt:

0,05

Overordna mål

- Valle kommune skal utvikle og legg je til rette for eit variert kultur- og fritidstilbod.
- Arbeidet med «den kulturelle grunnmuren» skal leggjast særleg vekt på.
- Kommunen skal støtte opp om lag, foreiningar og anna frivillig arbeid. Det er særleg viktig å legg je til rette for at barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår med inkluderande og varierte fritidsaktivitetar, og at kommunen kan vere med på å tilby ei meiningsfylt fritid for innbyggerane i alle livsfasar.
- Kulturskule er eit lovpålagt kommunalt tenestetilbod. Kulturskulen bygg jer på eit humanistisk menneskesyn og humanistiske samfunnsverdiar, og skal bidra både til å vidareføre og fornye kulturarva vår. Valle kulturskule skal vere ein faktor som verkar positivt inn på bukvalitet i Valle, synleg i lokalsamfunnet og regionen. I kulturskulen skal det vere rom både for individualitet og mangfald, spissing og breidde, og tilbodet skal ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Gjennom kulturskulen skal elevane få moglegheit til å formidle og oppleve, reflektere og g jere val, og få styrka sin sosiale, estetiske og kulturelle kompetanse. Kulturskulen skal fremje folkehelse, i eit breitt perspektiv.

- Folkebiblioteket vil vere aktiv i å auka interessa for lesing. Lesing blir meir og meir viktig når samfunnet blir enda meir teknologisert og digitalt. Biblioteket ser på det som eit viktig demokratisk arbeid at alle får kunnskap om å hente viktig informasjon frå den digitale informasjonsflyten. Biblioteket vil også vera ein medspelar til den lokale kulturen og til frivillig arbeid i kommunen. Sjølvbetening vil auka tilgangen til lokala og det som biblioteket kan by på.

Frå [Kommuneplan Valle kommune 2016-2028 - Samfunnsdelen](#), s. 39.

Strategi for å oppnå overordna mål

«Løfte i flokk»:

- aktivt støtte lag og foreiningar
- samarbeide med det frivillige kulturlivet og næringslivet om tiltak som verkar inn på trivsel, folkehelse og bukvalitet, og å vidareutvikle dei faste arrangementa
- arbeide for eit kultur- og organisasjonsliv som er prega av rausheit og inkludering
- sjå og løfte fram ressursane hos dei som kjem til oss

Barn og ungdom:

- utvikle tilbodet i fritidsklubben
- legg je vekt på ungdomsmedverknad i tiltak og arrangement for ungdom
- vidareutvikle tilbodet i kulturskulen, drive målretta utviklingsarbeid
- samarbeide med andre kommunar og frivillige om tiltak og arrangement for ungdom

Møteplassar og formidlingsarenaer:

- leggje til rette for uformelle møteplassar
- utvikle biblioteket i tråd med Biblioteklova og satse på biblioteket som uformell møteplass, kunnskaps- og debattarena
- arbeide for gode lokale for kulturformidling

Friluftsliv og aktivitet:

- leggje til rette for fleire heilårs turløyper og -stiar, særleg nær sentra/bustadfelt, og ulike formar for aktivitetar knytt til desse
- satse på kulturformidling og kulturminne som ressurs og attraksjonskraft

Planarbeid:

- i løpet av kommande periode utarbeide kommunedelplan for kultur, kulturformidling og kulturarenaer
- i tråd med overordna føringar utarbeide kulturminneplan – registrere og gjere kulturminna i Valle kommune meir synlege og tilgjengelege

Frå [Kommuneplan Valle kommune 2016-2028 - Samfunnsdelen](#), s. 39.

Utfordringer

Kultur og fritid ønskjer å kunne bidra på fleire tenesteområde i Valle kommune. Vi bidreg allerede i dag både i barnehage, SFO og Pleie og omsorg. All slik aktivitet blir dekkja innaføre vår eiga ramme. Kultur og fritid ønskjer å kunne bidra med det som er ønskeleg og skissert i Den nye rammeplanen for SFO, Heilskapleg plan for oppvekst, Heliskapleg plan for pleie og omsorg og den nye barnevernsreforma - med førebyggjande tiltak på universelt nivå. Dette er, og vil vere, krevjande slik rammevilkåra er i dag.

Kultur og fritid har i overkant av 4 stillingsheimlar, fordelt på fleire avdelingar. Særleg innaføre ungdomsarbeid er det eit behov for meir vaksentettleik, og det hadde også vore ønskeleg med større fast stillingsressurs.

Kultur og fritid ønskjer meir ungdomsmedverknad. Det er viktig for oss å vite at vi jobbar rett og at tilbodet vårt treff målgruppa. Det er dessutan ein stor ressurs i til dømes å ha ungdomar med som arrangørar når vi skal ha aktiviteter og arrangement. Det kan vere å ei utfordring for oss å få ungdomane på banen, både fordi vi jo treff berre eit utval av ungdomane på fritidsarenaen, og fordi vi konkurrerer med andre aktivitetar og forpliktingar,

Kulturskulen har hatt stor vekst i elevtal dei siste par åra, og utfordringa er å klare å halde på ungdomane. Vi ser dessverre at mange sluttar når dei byrjar i ungdomsskulen.

Strategi

Strategiar:

- Tverrfagleg samarbeid - heilskapleg satsing på universelle førebyggjande tiltak.
- Vidare satsing på å utvikle gode møteplassar for barn og unge, Vurdere kva for møteplassar/lokalitetar som eignar seg best til ei kvar tid, i samråd og samarbeid med dei unge.
- Tiltak som gjer at vi i større grad klarer å halde på ungdomane i kulturskulen.
- Vidareutvikle biblioteket som møteplass og debattarena, både for unge og vaksne.
- Tettare samarbeid med Valle ungdomsråd. Det er viktig at det blir jobba med å utvikle kompetanse i rådet gjennom opplæring, og ein kan tenkje seg at rådet får delegert ansvar for definerte saker og saksområde,

Viser elles til [kommuneplan, samfunnsdelen](#). Oppfattar at tenesta arbeider etter vedtekne strategiar..

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
	Avdeling				
Vedtatt budsjett		5 160	5 160	5 160	5 160
Konsekvensjustert ramme		5 160	5 160	5 160	5 160
Nye tiltak					
Aktivitet i Storstoga når nybygg er ferdigstilt	Kultur, bibliotek	0	400	800	800
Auke i straumutgifter - avtale med Ishavskraft	Kultur, bibliotek	7	3	0	0
Interkommunalt samarbeid om UNESCO-satsing i oppvekst	Kultur, bibliotek	390	390	390	0
Møteplassar barn og unge	Kultur, bibliotek	200	200	200	200
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Kultur, bibliotek	110	110	110	110
Saldering ramme/årsbudsjett	Kultur, bibliotek	98	98	98	98
Sum Nye tiltak		805	1 201	1 598	1 208
Nye tiltak og realendringer budsjett		805	1 201	1 598	1 208
Ramme 2023-2026		5 965	6 361	6 758	6 368

Kultur

Skildring av dagens verksemd

Lovpålagde tenester i eininga [Kultur og fritid](#) er [kulturskule](#) og [bibliotek](#). Andre tenester og oppgåver er fritidsklubb, bygdekino, familiebadning, div. arrangement og aktivitetar, samt generell kulturdrift og sakshandsaming. Dei lovpålagde tenestene og hovudoppgåvene til kultur, fritid og bibliotek er heimla i *Kulturlova, Lov om folkebibliotek og Opplæringslova*.

Kulturdrift:

Omfattar noko sakshandsaming (kulturmidlar, kulturprisen, utviklingsstipend for ungdom, faste tilskott), samarbeid med og bistand til frivillige lag og organisasjonar (særleg knytt til arrangement), nettverkssamarbeid, div. prosjekt (folkemusikkprosjektet Gorrlaus, Prestefossen tursti), innhald og inventar i kulturbygga, deltaking i planarbeid, organisering av 17.mai, Den kulturelle spaserstokken, drift av facebookside [Kultur i Valle](#) m.m.

Leiar kultur og fritid er prosjektleiar for folkemusikkprosjektet Gorrlaus, eit opplærings- og formidlingsprosjekt retta mot barnehage og grunnskule i Bygland, Valle og Bykle, og skal nytte inntil 20 % av si stilling på UNESCO-relatert arbeid.

Valle kulturskule:

Kulturskule er ei lovpålagt kommunal teneste, plassert under Opplæringslova. Valle kulturskule gir eit breitt og svært variert tilbod innaføre song, klassiske og rytmiske instrument og folkemusikk. Auka satsing på folkemusikk dei siste åra, særleg fom. 2021-2022. Frå og med skuleåret 2023-2024 samarbeider kommunene Bygland, Valle og Bykle om ei interkommunal 3-årig prosjektstilling innaføre folkemusikk. Valle kommune er vertskommune, og Leiar kultur og fritid er prosjektleiar.

Opne tilbod utan deltakaravgift:

- babysong
- barnehagekor
- musiseringsgruppe for elevar i SFO (Musikkarusellen)
- allsongstund for vaksne
- musikkstunder på Valle bygdeheim

I tillegg arrangerer kulturskulen egne konsertar og samarbeider med Bykle om UKM (Ung Kultur Møtast), og elevane deltek med kulturinnslag ved ulike høve gjennom året.

Det blir jobba mykje på tvers av avdelingane kulturskule - ungdomsarbeid - bibliotek.

Leiar kultur og fritid er rektor for kulturskulen (30 % stillingsressurs).

Valle ungdomsklubb:

Ungdomsklubb (8.-10-trinn) og juniorklubb (5.-7.trinn) annakvar veke. Arrangement/aktivitetar/turar nokre gong i løpet av året i tillegg.

Bygdekino:

Annakvar veke gjennom skuleåret. Generelt god oppslutning i forhold til folketalet. Nedgang i besøkstal når fast vintersportsaktivitet startar opp, og i mai/juni, når ein del andre aktivitetar har ein topp.

Familiebadning og fritidssymjing:

[Familiebading og fritidssymjing](#) er eit lågterskeltilbod for barnefamiliar, ungdomar og vaksne. Det er opent basseng og badstove tysdagar kl. 16-21 i perioden oktober-medio mai.

Årsverk tilsette

Totalt antal årsverk Kultur og fritid er 4,40, altså 440 % stilling.

Kulturdrift:

Leiar: 1,0

Ungdomsklubb og ungdomsarbeid:

Ungdomsarbeidar: 0,50 (pluss 0,10 knytt til ungdomsarbeid i biblioteket)

Assistent ungdomsklubb: 0,06

Kulturskule:

Lektor, fast tilsett: 1,0

Lærer, folkemusikk: 0,10 (går inn i interkommunal prosjektstilling neste skoleår)

Interkommunal prosjektstilling innføre folkemusikk fom. skuleåret 2023-2024: 0,33 %

Bibliotek:

Biblioteksjef 1,0

Bibliotekassistent: 0,16

Ungdomsarbeidar: 0,10

Badevakt:

0,10

Kinovakt:

0,05

Overordna mål

Valle kulturskule:

Frå [Kommuneplan Valle kommune 2016-2028 - Samfunnsdelen](#):

1. Elevane skal oppleve mestring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og tiltak kulturskulen står for

2. Opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi skal leggje vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap
3. Alle elevar skal få plass
4. Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurscenter
5. Kulturskulen skal vere ein utviklingsorientert og attraktiv arbeidsplass

Strategi for å oppnå overordna mål

Kultur og fritid, inkludert kulturskule

Frå [Kommuneplan Valle kommune 2016-2028 - Samfunnsdelen:](#)

1. tiltak og arrangement som gir den enkelte moglegheit til å oppleve formidlingsglede og mestring, byggjer identitet og skapar fellesskapskjensle, gjerne i samarbeid med andre kommunar og arrangørar
2. systematisk evaluering av tiltak, arrangement og opplæring
3. eleven skal vere i fokus når det gjeld tilpassing av opplæring
4. leggje vekt på informasjon og god kommunikasjon med både elev og foreldre
5. personalpolitikk som gjer at tilsette trivast på jobb, lågt sjukefråvær
6. bruke kultur og fritid i marknadsføringa av oppveksttilhøva i Valle kommune, byggje omdømet gjennom positiv omtale lokalt og regionalt
7. kortare sesong for symjehallen, slik at det er høve til å halde ope enkelte laurdagar (i samband med familie-/aktivitetsdagar) og skuleferiar

Utfordringar

Kulturskulen er på den eine sida er eit lovpålagt opplæringstilbod med høgt kvalifiserte tilsette. På den andre sida ser mange på kulturskulen som eit reint fritidstilbod på linje med alle andre. I små kommunar blir dette forsterka ved at alle elevar som søker får plass, og at få av elevane som søker faktisk ønskjer å spisse seg innaføre musikk. I Valle flyttar elevane etter ungdomsskulen, og sluttar i kulturskulen når dei når eit visst nivå. Dei yngre ungdomane har dermed ikkje nokon i nær alder verken som motivasjonsfaktorar eller rollemodellar i kulturskulen, eller som dei kan strekkje seg etter, reint fagleg.

Valle kulturskule prøver å møte utfordringane og trendene i barne- og ungdomsmiljøet ved å vere utviklingsorienterte og framoverlente, og ved å gi ein del "universelt utforma" og opne (gratis)tilbod. Inneverande skuleår har vi ekstra fokus på at kulturskulen skal vere ein møtestad, også utanom den undervisingstimen kvar enkelt elev har.

Søkjartala har vore stabile dei siste åra, men inneverande år (2021-2022) har vi hatt ei gledeleg og vesentleg auke. Totalt er det no i overkant av 40 elevar i Valle kulturskule, noko som er ein høg prosentandel av barn og unge i grunnskulealder.

Innafor ungdomsarbeid er det ønskeleg med meir brukarmedverknad og -engasjement, og tettare samarbeid med til dømes ungdomsråd og elevråd.

Strategi for utfordringane

Interne strategiar:

- Vi har fokus på utvikling og tilpassing, inkludering og involvering.

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

- Kulturskulen sitt tilbud er synleg i lokalmiljøet gjennom dei opne aktivitetane vi har, og vil skal halde fram med å ha gratistilbod i barnehage, SFO, bygdeheimein og på ulike fritidsarenaer.
- Vi er alltid opne for og søker samarbeid med frivillige lag og organiasjonar, samt nabokommunar eller andre aktuelle samarbeidspartnarar.
- Kultur og fritid støttar opp om det frivillige ved å bidra med hjelp med t.d. marknadsføring av arrangement, planlegging og tilrettelegging av arrangement, div. rettleiing m.m.
- Vi arrangerer opne arrangement for barn, ungdom og familiar, slik at terskelen for å delta i kulturell aktivitet blir lågare.

Økonomi:

Måsetting i perioden Auka handlingsrom innaføre eigne rammer.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	3 952	3 952	3 952	3 952	
Sum Vedtak forrige periode	87	87	87	87	
Konsekvensjustert budsjett	87	87	87	87	
Konsekvensjustert ramme	4 039	4 039	4 039	4 039	
Nye tiltak					
Aktivitet i Storstoga når nybygg er ferdigstilt	Kultur, bibliotek	0	400	800	800
Interkommunalt samarbeid om UNESCO-satsing i oppvekst	Kultur, bibliotek	390	390	390	0
Møteplassar barn og unge	Kultur, bibliotek	200	200	200	200
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Kultur, bibliotek	80	80	80	80
Saldering ramme/årsbudsjett	Kultur, bibliotek	98	98	98	98
Sum Nye tiltak		768	1 168	1 568	1 178
Nye tiltak og realendringer budsjett		768	1 168	1 568	1 178
Ramme 2023-2026		4 807	5 207	5 607	5 217

Nye tiltak

Aktivitet i Storstoga når nybygg er ferdigstilt

Byggjing av ny Storstoge ligg i investeringsbudsjettet for 2023 og 2024. Når denne er ferdigstilt, legg til grunn sommaren 2024, vil det vera ein god arena for aktivitet til kultur. Kostnadar til drift (utan at der er tatt stilling til kva type aktivitet e.l.) er lagt inn med omlag 1 årsverk med verknad frå sommaren 2024. I dette ligg også meirutgifter til reinhald og evt andre utgifter som lisenser mm.

Interkommunalt samarbeid om UNESCO-satsing i oppvekst

Vedtak i sak PS 78/22;

Valle kommune sett av midler i 2023, 2024 og 2025 til UNESCO-satsing innaføre oppvekstfeltet. Satsinga inneber ei videreføring av Gorrlaus-prosjektet og oppretting av ei interkommunal stilling i kulturskulen. Midlane skal nyttast til opplæring i barnehage, skule og kulturskule. i første omgang organisert som eit felles 3-årig prosjekt for Bygland, Valle og Bykle kommunar.

Endeleg finansiering og fordeling av kostnadene vert avklart saman med samarbeidspartnarane hausten 2022. Finansieringa av Valle kommune sin del av prosjektet vert innarbeidd i budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026.

Tiltaket er delt i to delar: kr 100 000 gjeld deltaking med Valle sin del gjennom vidareføring av Gorrlausprosjektet. kr 290 000 er Valle sin del av prosjektstilling, der bidraget er 1/3-del.

Tiltaka ligg for ein 3-årig periode med kr 390 000 kvart av åra.

Møteplassar barn og unge

Tiltaket er ei oppfølging av PS 91/2021, og kommunestyret si bestilling av ei sak om møteplassar for barn og unge i Valle kommune. Organisering av møteplassar for barn og unge avheng av ein del uavklarte faktorar, mellom anna ombygginga av Valle kultursenter. Ut frå dette, og den dialogen det har vore med Valle ungdomsråd, ønskjer ein å prøve ut ulike former for møteplassar og aktivitetar, både i regi av kommunen og i samarbeid med andre aktørar. Det vil kome ei meir utfyllande sak til kommunestyret i desember.

Tiltaket er lagt inn med kr 200 000 årleg i heile økonomiplanperioden.

Bibliotek

Skildring av dagens verksemd

[Valle bibliotek - Sæbyggjen](#) opna i september 2018. Meirope (sjølvbetjent) bibliotek vart aktivert i oktober 2019. Biblioteket har hatt ei enorm auke i besøkstal sidan opninga, og har høg utlånsfrekvens på bøker. I tillegg fungerer biblioteket som møteplass og arrangementsarena, og ungdomsavdelinga (hemsen) er mykje i bruk. Biblioteket romer i tillegg eit eige rom dedisert til forfatteren Paal-Helge Haugen, og ei fast minneutstilling etter Torleiv H. Bjørgum. Biblioteket er mykje nytta av frivillige lag og organisasjonar.

Biblioteket er opne måndag-fredag kl. 10-16, utvida åpningstid kl. 16-18 for ungdomar onsdag, og kveldsope for alle til kl. 18 torsdagar. I tillegg er det laurdagope om lag ein gong i månaden, då gjerne i samarbeid med kultuskulen eller andre.

Biblioteket har også funksjonen turistinformasjon, og har utvida opningstider heile sommaren, då også sentralbordet/velkomstsenter er i Sæbyggjen.

Dei lovpålagde tenestene og hovudoppgåvene til biblioteket er heimla i *Kulturlova, Lov om folkebibliotek*

Årsverk tilsette

- Biblioteksjef: 1,0 %
- Bibliotekassistent: 0,16
- Ungdomsarbeidar, bibliotek: 0,10

Overordna mål

Kommuneplan for Valle kommune 2016-2028, Samfunnsdelen:

1. Biblioteket skal stadig utvikle seg som kulturarena og fortsette å stimulere til integrering, ytringsfridom og debatt. Informasjon, kunnskap og kulturarv skal vere tilgjengeleg for alle, både på fysiske og digitale plattformer.
2. Valle bibliotek skal følgje med i tida og bidra til aktivitet i lokalsamfunnet.
3. Valle folkebibliotek skal utviklast i tråd med Biblioteklova og nasjonale føringar, og det skal satsast på biblioteket som uformell møteplass, kunnskaps- og debattarena
4. Biblioteket skal leggje vekt på å vere eit tilbod med låg terskel og høg brukarfrekvens, med likeverdig tilgang for alle innbyggjarar

<https://www.valle.kommune.no/kommuneplan-2016-2028.6291630-523897.html>

Strategi for å oppnå overordna mål

Frå Kommuneplan Valle kommune 2016-2028 - Samfunnsdelen:

1. samarbeide med det frivillige kulturlivet og næringslivet om tiltak som aukar bruken av biblioteket, samarbeide med alle aktørar som ønskjer å bruke biblioteka sine lokale til allmennyttige formål
2. utvikle gode lokale for formidling av alle slag og for ulike føremål
3. initiere arrangement som legg til rette for samfunnsdebatt og engasjement
4. leggje til rette for sjølvbetening på biblioteka og dermed utvida oningstider
5. satse på lågterskelopplæring i digitale løysingar
6. samarbeide tett med skular og barnehagar
7. delta på foreldremøte og informere om lesing
8. vere ein medspelar for integrering i lokalsamfunnet
9. utarbeide konkrete handlingsplanar i tråd med dei retningslinjene som blir vedtatt av dei lokale politikarane

<https://www.valle.kommune.no/kommuneplan-2016-2028.6291630-523897.html>

Dei lovpålagde tenestene og hovudoppgåvene til kultur, fritid og bibliotek er heimla i *Kulturlova*, *Lov om folkebibliotek* og *Opplæringslova*.

Utfordringar

I sommarhalvåret fungerer biblioteket også som servicetorg og turistinformasjon og turistsesongen. Det er ressurskrevjande å tilby best mogeleg tilpassa opningstider.

Disponibelt areal til bøker er for lite, og det same gjeld lagringskapasitet.

Økonomiske rammer er ikkje tilpassa dei forventingar som er til aktivitet generelt, og biblioteket si rolle som møteplass, debattarena og kulturarena.

Strategi for utfordringane

- Godt samarbeid med andre avdelingar i organisasjonen, og det frivillige.
- Økonomiske rammer: Søkje eksterne tilskott frå regionale og nasjonale ordningar.

Driftsbudsjett med endringar

Budsjett 2023 og handlings- og økonomiplan for 2023-2026

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	1 208	1 208	1 208	1 208
Sum Vedtak forrige periode	-87	-87	-87	-87
Konsekvensjustert budsjett	-87	-87	-87	-87
Konsekvensjustert ramme	1 121	1 121	1 121	1 121
Nye tiltak				
Auke i straumutgifter - avtale med Ishavskraft	7	3	0	0
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	30	30	30	30
Sum Nye tiltak	37	33	30	30
Nye tiltak og realendringer budsjett	37	33	30	30
Ramme 2023-2026	1 158	1 154	1 151	1 151

Nye tiltak

Auke i straumutgifter - avtale med Ishavskraft

Valle kommune har gjennom OFA avtale om leveranse av straum frå Ishavskraft. Ishavskraft har gitt Valle kommune ein prognose for straumutgifter for 2023 på 9,9 mill. kroner for 2023. Dette er ein betydeleg auke frå opprinneleg budsjett for 2022 som var på omlag 5,1 mill. kroner. Auken på omlag 4,8 mill. kroner er lagt inn som drifttiltak for å synleggjere den auken dette er for dei ulike rammeområda der straumutgifter vert førte i rekneskapan.

For 2024 er kostnadsauken redusert basert på eit anslag for fastprisavtalar i marknaden.

IKT

Skildring av dagens verksemd

Valle kommune vart frå 1.mai 2022 ein del av IKT Agder-samarbeidet. [IKT Agder leverer drift av IKT-tjenester og rådgivning \(ikt-agder.no\)](http://ikt-agder.no) og er eit interkommunalt selskap eigd av 14 kommunar og Agder fylkeskommune.

Setesdal IKT, eit interkommunalt selskap som eigd av Evje og Hornnes kommune, Bygland kommune, Bykle kommune, Iveland kommune og Valle kommune, vert etterkvart oppløyst. Prosessen med å overføre kommunane til IKT Agder pågår, og ein reknar med at IKT-drifta er fullstendig overført til IKT Agder sine system i juli 2023.

Årsverk tilsette

IKT Agder har nærere 100 tilsette med hovudkontor i Arendal. Det vil framleis vere tilsette med oppmøtestad i Bykle og på Byglandsfjord.

Overordna mål

Frå samfunnsdelen i kommuneplanen:

- Vidareutvikle digitale tenester med sikte på ei «døgnopen» forvaltning, betre tenester og dialog med innbygarane samt ei meir rasjonell kommunal drift

Strategi for å oppnå overordna mål

Frå samfunnsdelen i kommuneplanen er desse strategiane trekte fram:

- Digitalisering
- Satsing på velferdsteknologi i pleie og omsorg, helse

Utfordringer

- Datatryggleik
- Personvern
- Kompetanse og gevinstrealisering
- Høge utviklingskostnader
- Mangel på standardisering kommunene i mellom og forvaltningsnivåa i mellom

Strategi

- Meir interkommunalt samarbeid - overgang til IKT Agder
- Kompetanseheving for leiarar i regi av DIGI Agder - digital transformasjon
- Systematisk internopplæring i programvare og verktøy - gevinstrealisering

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	2 831	2 831	2 831	2 831
Konsekvensjustert ramme	2 831	2 831	2 831	2 831
Nye tiltak				
IKT Agder - kostnad til ordinær drift utover IKT vedtatt budsjetttramme i ØP 2022-2025	489	969	1 069	1 069
IKT Agder - kostnader til onboard, migrering og IKT ERP (fagsystemer)	1 807	500	0	0
Sum Nye tiltak	2 296	1 469	1 069	1 069
Nye tiltak og realendringer budsjett	2 296	1 469	1 069	1 069
Ramme 2023-2026	5 127	4 300	3 900	3 900

IKT

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	2 831	2 831	2 831	2 831
Konsekvensjustert ramme	2 831	2 831	2 831	2 831
Nye tiltak				
IKT Agder - kostnad til ordinær drift utover IKT vedtatt budsjetttramme i ØP 2022-2025	489	969	1 069	1 069
IKT Agder - kostnader til onboard, migrering og IKT ERP (fagsystemer)	1 807	500	0	0
Sum Nye tiltak	2 296	1 469	1 069	1 069
Nye tiltak og realendringer budsjett	2 296	1 469	1 069	1 069

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Ramme 2023-2026		5 127	4 300	3 900	3 900

Nye tiltak

IKT Agder - kostnad til ordinær drift utover vedtatt budsjetttramme i ØP 2022-2025

Kostnadane til inntreden i IKT Agder er lagt inn som drifttiltak med det beløpet som er utover budsjetttramme til IKT (Setesdal IKT) i ØP 2022-2025 der ein også ser prognose for endring i økonomiplanperioden. Kostnadane er basert på talgrunnlag frå IKT Agder. I prognosen ligg kostnader til brukarkontoar, leige av PC til ansatte og elevar, trådløse punkt og fagsystemer. I fagsystemet ligg utfasing av eksisterande fagsystemer og innfasing over tid for nye fagsystemer.

Dette er ordinære driftskostnader, prosjektkostnadar til onboard og migrering ligg som eige tiltak.

IKT Agder - kostnader til onboard, migrering og ERP (fagsystemer)

Dette er prosjektkostnader knytt til overgangen til IKT Agder. I utgangspunktet er dette eingangskostnadar primært i 2023, men der legges også inn eit estimat for kostnader i 2024. Kostnadane innbefattar ikkje materiell, gjelder kun løn og konsulent.

Økonomiavdelinga

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett		11 472	11 472	11 472	11 472
Sum Vedtak forrige periode		-325	-325	-325	-325
Konsekvensjustert budsjett		-325	-325	-325	-325
Konsekvensjustert ramme		11 147	11 147	11 147	11 147
Nye tiltak					
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Økonomiavdelinga	110	110	110	110
Sum Nye tiltak		110	110	110	110
Nye tiltak og realendringer budsjett		110	110	110	110
Ramme 2023-2026		11 257	11 257	11 257	11 257

Økonomiavdelinga

Skildring av dagens verksemd

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel tenester som fakturamottak og føring av rekneskap for Valle og Hylestad sokn, Setesdal Regionråd IPR, Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalmusèet Eigedom IKS. Avdelinga har ansvar for å utarbeida kommunen sitt budsjett.

Valle kommune er vertskommune for felles barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen også for dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Valle og Hylestad sokn og Setesdal Regionråd IPR.

Avdelinga har saksutgreiing og –førebuing til politisk styre og utval på fagområde Økonomi. Avdelinga har ansvar for utarbeiding av plan- og styringsdokument og kvalitets- og analysearbeid for heile organisasjonen Valle kommune. Avdelinga har sakshandsaming for sal- og skjenkeløyver i Valle kommune.

Årsverk tilsette

Økonomiavdelinga har 5,2 årsverk fordelt slik:

- Leiar:1 årsverk
- Rådgjevar: 3,4 årsverk.
- Konsulent: 0,8 årsverk

Overordna mål

Økonomiavdelinga i seg sjølv har ingen definerte mål i kommuneplanen, men mål for kommunen som organisasjon:

«Valle kommune skal vera ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framstidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltningsorgan.»

Økonomiavdelinga har ei viktig rolle med å bidra med sin fagkunnskap til at kommunen kan nå sine mål i høve til økonomi og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utarbeiding av budsjett, levering av årsrekneskap og rapportering til offentlege organ innan gitt fristar.

Strategi for å oppnå overordna mål

Avdelinga arbeidar aktivt med å vidareutvikla og å få på plass gode verktøy og system for løysing av arbeidsoppgaver. Å sikre fagleg utvikling og kompetanse er heilt avgjerande for å kunne løysa dei oppgåver som ligg til avdelinga innan fastsatte fristar. For avdelinga er det viktig med god fagleg økonomikompetanse i kombinasjon med god systemkompetanse for å kunne arbeida effektivt og målretta.

Økonomiavdelinga har viktige oppgåver internt i organisasjonen ved å sørge for at leiarane i organisasjonen har tilstrekkeleg økonomiforståing og kan utøve økonomistyring i einingane. I dette ligg at avdelinga i stor grad må sørge for opplærings og oppfølging slik at organisasjonen har tilstrekkeleg kompetanse til å nå måla i høve økonomistyring.

Utfordringar

Kompetanseutvikling på fag- og systemnivå er viktig for avdelinga. Utfordringa er å ha ressurser, både personell og økonomiske, til å kunne vidareutvikla og ta i bruk nye og effektive verktøy i arbeidet. Ei utfordring er å gje fagutvikling utvikling høg nok prioritet i det daglege arbeidet både i form av intern og ekstern kompetanseheving.

Avdelinga utfører fleire oppgåver som berre ein person har god kompetanse på. Ei slik organisering er eit bevisst val utifrå at avdelinga har oppgåver som krev god fagkompetanse og spesialisering. Ei avdeling med få personar må løysa sine oppgåver ved at kvar einskild arbeidar utfører spesialiserte oppgåver på kvart sitt fagområde, dette gjer at avdelinga vert sårbar ved uforutsette hendingar som fører til fråvær eller ved at nokon sluttar i avdelinga

Strategi for utfordringane

Strategien for å løysa dei utfordringar som er i avdelinga er å sørge for kontinuerlig faglig vedlikehald og oppdatering av kunnskap på alle fagområder avdelinga har ansvar for. For å kunne nå måla fordrar det at avdelinga planlegg all sin aktivitet i årssyklusen nøye.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	4 383	4 383	4 383	4 383
Sum Vedtak forrige periode	-181	-181	-181	-181
Konsekvensjustert budsjett	-181	-181	-181	-181
Konsekvensjustert ramme	4 202	4 202	4 202	4 202
Nye tiltak				
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Økonomiavdelinga	110	110	110
Sum Nye tiltak	110	110	110	110
Nye tiltak og realendringer budsjett	110	110	110	110
Ramme 2023-2026	4 312	4 312	4 312	4 312

Diverse felles inntekter/utgifter

Skildring av dagens verksemd

Eininga 3310 Diverse inntekter/utgifter driv ingen aktivitet. Dette er berre ein ansvarsområde der ein finn budsjett som gjeld heile organisasjonen. I hovudsak finn ein her budsjett for felles IKT-system for heile organisasjonen Valle kommune og avsatt lønsreserve knytt til komande lønsoppgjør 2023 for heile organisasjonen.

Årsverk tilsette

0,3 stilling frikjøp av tillitsvalgt frå Utdanningsforbundet og Fagforbundet inngår i budsjett for ansvar 3310.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	4 066	4 066	4 066	4 066
Sum Vedtak forrige periode	-317	-317	-317	-317
Konsekvensjustert budsjett	-317	-317	-317	-317
Konsekvensjustert ramme	3 748	3 748	3 748	3 748
Ramme 2023-2026	3 748	3 748	3 748	3 748

Kyrkja

Skildring av dagens verksemd

Budsjett for Valle kommune sitt økonomiske tilskot til Valle og Hylestad Sokneråd, tenestekjøp frå kommunen for rekneskapsføring, IKT-tenester, arkivtenester og Valle kommune si yting ved å utføre graving av graver og stell på gravplassane

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	3 023	3 023	3 023	3 023
Sum Vedtak forrige periode	173	173	173	173
Konsekvensjustert budsjett	173	173	173	173
Konsekvensjustert ramme	3 196	3 196	3 196	3 196
Ramme 2023-2026	3 196	3 196	3 196	3 196

SVR

Skildring av dagens verksemd

"Villrein fjellet som verdiskaper" er eit program frå Klima- og miljødepartementet med formål å stimulera til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda, særleg innretta mot ulike delar av reiselivet. Programmet skal bidra til ein god gjennomføring av de regionale planene, og til å utvikle og spreie kunnskap om villreinen og villrein fjellet til ulike målgrupper.

Norge forvaltar dei siste rester av den ville europeiske fjellreinen i 24 større og mindre fjellområder i Sør-Norge der Setesdal-Vesthei og Ryfylkeheiane utgjør den delen som inngår her.

All finansiering av aktivitet knytt til SVR vert finansiert ved avsatte bundne fondsmidler som ikkje har innverknad på driftsramma til Valle kommune.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	0	0	0	0
Konsekvensjustert ramme	0	0	0	0
Ramme 2023-2026	0	0	0	0

SVR

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	0	0	0	0
Konsekvensjustert ramme	0	0	0	0
Ramme 2023-2026	0	0	0	0

Velkomstsenter

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett		4 208	4 208	4 208	4 208
Konsekvensjustert ramme		4 208	4 208	4 208	4 208
Nye tiltak					
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Velkomstsenter	160	160	160	160
Saldering ramme/årsbudsjett	Velkomstsenter	100	100	100	100
Sum Nye tiltak		260	260	260	260
Nye tiltak og realendringer budsjett		260	260	260	260
Ramme 2023-2026		4 468	4 468	4 468	4 468

Velkomstsenter

Skildring av dagens verksemd

Avdelinga har desse hovudområda:

- Personal/HR
- Post/arkiv
- Fakturering
- Sentralbord
- Turistinformasjon
- Bistand til merkantile tenester til Setesdal Regionråd, PPT, Barnevern, skule osv

Årsverk tilsette

- 100% leiar for Velkomstsenteret og eining HR
- 280% konsulentstilling fordelt på 4 personar

Overordna mål

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidretta samfunnsutvikler og eit truverdig forvaltningsorgan.

Strategi for å oppnå overordna mål

- Nytte LEAN-konseptet i alle arbeidsprosessar
- Digitalisering
- Brukarmedverknad
- Samarbeid med andre kommunar
- Vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer
- Kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing gjennom læring i det daglege arbeidet
- Ha fokus på nærleik og helsefremjande arbeidsplassar. Arbeide for å ha eit lågt sjukefråver gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråver og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom

Utfordringar

Det kan vere utfordrande å kombinere merkantile oppgåver med publikumsoppgåver i sentralbord og resepsjon.

Strategi for utfordringane

Gode rutinar for å prioritere, samordne og fordele arbeidsoppgåver.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Vedtatt budsjett	4 208	4 208	4 208	4 208	
Konsekvensjustert ramme	4 208	4 208	4 208	4 208	
Nye tiltak					
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Velkomstsenter	160	160	160	160
Saldering ramme/årsbudsjett	Velkomstsenter	100	100	100	100
Sum Nye tiltak		260	260	260	260
Nye tiltak og realendringer budsjett		260	260	260	260
Ramme 2023-2026		4 468	4 468	4 468	4 468

Interkommunalt PPT

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	799	799	799	799
Konsekvensjustert ramme	799	799	799	799
Ramme 2023-2026	799	799	799	799

PPT

Skildring av dagens verksemd

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp og oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

Årsverk tilsette

PPT har totalt 2,0 stillingsheimlar til disposisjon:

Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leing av kontoret)

PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar

I tillegg leiger PPT inn merkantil hjelp frå Velkomstsenteret i Valle kommune (scanning / kopiering/ arbeid med journalsystem), som tilsvarar ei 20%- stilling . Til reinhald av kontora er det rekna ei stilling på 7%.

Overordna mål

«PPT skal vere med og leggje til rette for at alle born og unge skal få best mogleg tilhøve for læring og utvikling»

Strategi for å oppnå overordna mål

- Fremje kompetanse og kvalitet på det spesialpedagogiske feltet i kommunane
- Vere tett på skular og barnehagar
- Styrke samarbeidet med andre kommunale instansar
- Fremje inkludering av barn og unge med særskilde behov
- Kome tidleg inn med hjelpetiltak
- Arbeide for eit betre læringsmiljø og fremje god utvikling for alle barn og unge ved bruk av systemarbeid og kompetanseutvikling
- Sikre kvalitet i sakshandsaming og utgreiing, med gode rutiner og auka digitalisering

Utfordringar

- PPT for Setesdal er eit lite kontor, med få tilsette. Dette gjer at vi strever med å bli spesialistar på eit område, men må prøve etter beste evne å dekke dei fleste områda innanfor pedagogikken.
- Det er sårbart med 2 fagstillingar. Sjukdom / permisjonar / utskiftingar er noko som kan gjeve utfordringar i å levere gode tenester.
- Krav til dokumentasjon og skriftleggjering er aukande, og tek tid frå direkte kontakt med brukarane.

Strategi for utfordringane

- PPT må delta aktivt i samarbeid med andre kommunale instansar, Stat-Ped, 2-linje-tenesta (BUP - HABU) og andre PP-kontor for å få faglege impulsar, råd og rettleiing
- PPT må oppdatere seg fagleg gjennom deltaking i kurs / seminar
- Arbeide for gode rutinar og implementere digitale løysingar

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	799	799	799	799
Konsekvensjustert ramme	799	799	799	799
Ramme 2023-2026	799	799	799	799

Interkommunalt barnevern

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	1 587	1 587	1 587	1 587
Konsekvensjustert ramme	1 587	1 587	1 587	1 587
Ramme 2023-2026	1 587	1 587	1 587	1 587

Barnevern

Skildring av dagens verksemd

Interkommunalt samarbeid mellom Bykle, Valle og Bygland kommuner. Tenesta har 5,2 årsverk og forvaltar tenester etter Barnevernlova. Tilsette i tenesta jobbar etter generalistmodellen, dette betyr at dei tilsette skal vere rusta til å fylgje opp barn og føresette i alle fasar av saka – frå avklaring av melding, undersøking, tiltak, omsorgstiltak. Tenesta har også tilsynsoppdrag for andre barneverntenester som har barn fosterheimplassert i kommunane. Verksemda har stort fokus på tilstrekkeleg kompetanse hjå dei tilsette og gode kvalitative drøftingar i sakane for å sikre forsvarleg arbeid i kvar enkelt sak.

Årsverk tilsette

Tenesta har 5,2 årsverk - derav 2,5 stillingar reknast som arbeid i undersøkingar og tiltak. 1 stilling jobbar med førebyggjande arbeid og tiltak/retteleing i heimen. 0,5 stilling reknast til oppfylgjing i fosterheim. 0,2 stilling reknast til merkantile oppgåver og 1 stilling som einingsleiar.

Overordna mål

Setesdal barnevern skal vere ein fagleg forsvarleg og robust teneste.

Strategi for å oppnå overordna mål

Setesdal barnevern er med i rettleingsteam som er eit sentralt initiert kompetansehevingstiltak gjennom Bufdir. Her er det laga strategier for å nå dei overordna måla til tenesta. Dei tilsette i tenesta mottar i tillegg ekstern saksretteleing av kompetent rettleiar i læringsnettverket, samt at tenesta tilbyr prosessretteleing for dei tilsette som tiltak for å sikre godt arbeidsmiljø og førebyggje sjukdom som følgje av psykisk belastande arbeid for dei tilsette.

Utfordringar

Tenesta tek i 2022 over statlege oppgåver som fylgje av oppvekstreforma. Dette knyttar seg spesielt til fosterheimsområdet. Tenesta har 5,2 stillingar med 6 tilsette. Dette er utfordrande i høve til kompetanseplanen som skal fylgjast for å sikre at Setesdal barnevern når de kompetansekrav som kjem av ny barnevernlov (80 % av tenesta skal ha mastergrad og dei resterande 20 % må ha vidareutdanning). Oppvekstreforma trer i kraft i 2022 og inneber at helse- og oppvekstsektoren skal sikre barna god hjelp lokalt der barna bur. Dette krev god samhandling og tett koordinert samarbeid mellom tenestene. Det er frå barnevernet sin ståstad utfordrande at tenestene innanfor kvar kommune er ulike, organisert ulikt og ikkje samarbeider meir på tvers av kommunegrensene for å tilby alle barn og unge i Bykle, Valle og Bygland likeverdige tenester. Innanfor det økonomiske området er det utfordrande å sikre forutsigbare utgifter i funksjon 251 og 252 (tiltak i og utanfor heimen) for kvar enkelt kommune. Ressursbruken er ulik frå år til år og er avhengig av antall barn i tiltak i den aktuelle kommunen. Spesielt funksjon 251 kan svinge sterkt frå kvartal til kvartal. 252 kan vere relativt stabil, men kostnadene kan auke mykje i samband med ei eventuell omsorgsovertaking.

Strategi for utfordringane

Deltaking og medeigarskap i fosterheimsprosjekt (Læringsnettverket Vest i Agder) saman med Midt-Agder barnevern, Lister barnevern og Barnevern Sør med mål om å samordne og heve kvaliteten på fosterheimsoppfølging samt sikre tilstrekkelig kompetanse hos dei tilsatte knytt til rettleiing og oppfølging av fosterheimar når oppvekstreforma trer i kraft.

Det er også utarbeidd ein kompetanseplan for Setesdal barnevern som skal sikre at dei tilsette har tilstrekkelig formell kompetanse samt tilstrekkeleg fagkunnskap. Kompetanseplanen strekker seg over fleire år og inneber ei investering i tenesta si samla fagkompetanse.

Det er samstundes gjennomført eit kartleggingsprosjekt for Bykle, Valle og Bygland kommune for å kartlegge helse- og oppvekstsektoren sin samla kompetanse. Føremålet har m.a. vore å få oversikt over kommunane sin samla kompetanse knytt til førebyggjande tiltak og avklare framtidig organisering av oppvekstfeltet. På det økonomiske området er strategien å gjeve gode kvartalsvise rapporteringar til kvar kommune i samarbeidet, samt at barnevernleiar tek fortløpende kontakt med både kommunedirektør og økonomisjef om det førekjem store uføresette utgifter knytt til ei sak i ein kommune. Det vert gjennomført styringsgruppemøte i Setesdal barnevern minimum 4 gonger i året (1 gong i kvartalet).

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	1 587	1 587	1 587	1 587
Konsekvensjustert ramme	1 587	1 587	1 587	1 587
Ramme 2023-2026	1 587	1 587	1 587	1 587

Skule

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Vedtatt budsjett	19 893	19 893	19 893	19 893
Sum Vedtak forrige periode	5	-255	-655	-655

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Konsekvensjustert budsjett		5	-255	-655	-655
Konsekvensjustert ramme		19 898	19 638	19 238	19 238
Nye tiltak					
Auke i straumutgifter - avtale med Ishavskraft	Skule	612	300	0	0
Kompetanseheving - forebyggjande tiltak barn og unge	Skule	150	150	150	0
Rammejustering - lønsoppgjør 2022	Skule	680	680	680	680
Saldering ramme/årsbudsjett	Skule	620	620	620	620
Skulebiblioteket - leseglede og leselyst	Skule	150	0	0	0
Skuletur 10. trinn til Polen	Skule	0	150	150	150
Sum Nye tiltak		2 212	1 900	1 600	1 450
Nye tiltak og realendringer budsjett		2 212	1 900	1 600	1 450
Ramme 2023-2026		22 110	21 538	20 838	20 688

Valle skule

Skildring av dagens verksemd

Valle skule 1.10 tinn- grunnskule

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring [jmf opplæringslova](#)

Valle skulefritidsordning

Skulefritidsordningen er eit tilbod til barn i 1-4 klasse. Tilbodet skal i samarbeid med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg og tilsyn og samstundes gje høv for meiningsfull fritid og leik.

Valle vaksenopplæring

Opplæring særskild retta mot vaksne med sikte på personleg utvikling, kvalifisering til vidare skulegang og til arbeidsliv. Valle vakseopplæring omfattar ulike opplæringstilbod; grunnskule for vaksne, opplæring i norsk og samfunnskunnskap og spesialundervisning.

Årsverk tilsette

Stilling	Årsverk
Rektor grunnskule, SFO og vaksenopplæring	1,0 årsverk
Pedagog grunnskule, faste stillingar	17,5årsverk

Miljørettleiar (1.1.2023)	1,0 årsverk
Fagleiarar grunnskule og SFO	1,2 årsverk
Fagarbeidar grunnskule og SFO	3,4 årsverk
Assistent grunnskule og SFO	1,0 årsverk
Pedagogar vaksenopplæring	3,0 årsverk
Kontorfagleg teneste alle avdelingar	0,3 årsverk
Totalt 5110+5152	28,4 årsverk

Overordna mål

Valle kommune - mål for skulen, jmf kommuneplanen.

- kommunen skal vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet
- grunnskulepoeng; behalde noverande nivå der Valle ligg over nasjonalt gjennomsnitt og er best i Aust Agder
- gjennomføre vidaregåande opplæring: 100%
- mobbing: nullvisjon

Målsetting Heilskapleg plan for oppvekstsektoren 2022-2028

- I Valle kommune ser vi heile barne og skapar god samanheng i heile oppveksten
